



Folgefonna  
nasjonalparkstyre

# Møteinnkalling

---

**Utval:** Folgefonna nasjonalparkstyre

**Møtestad:** Folgefonnsenteret, Rosendal

**Dato:** 06.10.2023

**Tidspunkt:** 09:00

---

Eventuelt forfall må meldast snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.



## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 27/23	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 28/23	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 29/23	Klage pålegg om retting av tiltak - Folgefonna nasjonalpark - restaurert stølsbu - Vierdal		2022/11690
ST 30/23	Buer landskapsvernområde - motorferdsel - utfykning av storvilt - Bjørn Buer		2023/14522
ST 31/23	Folgefonna nasjonalpark - skogrydding linjetrasé - Mosdal - Norsk Skogrydding AS		2023/13981
ST 32/23	Folgefonna nasjonalpark - kjøre hundeslede - Monica Hundseid		2023/13980
ST 33/23	Referatsaker		
ST 34/23	Delegerte saker Referatsaker		
RS 10/23	Delegert løyve - Folgefonna nasjonalpark - helikopter i samband med sauesanking - Sauanuten Beitelag		2023/13837
RS 11/23	Folgefonna nasjonalpark - Ekstra turar med helikopter til vedlikehald på Holmaskjer turisthytte - Odda/Ullensvang turlag - Folgefonna nasjonalparkstyre		2019/4172
DS 5/23	Delegert løyve - Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsel - Uttransport av hjort i Furebergsdalen - Peder Fureberg Referatsaker		2023/11849
RS 12/23	Delegert løyve - Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsel - Sandvinsstølen - Vierdal - Helikopter - Einar Riise		2023/13537
RS 13/23	Delegert løyve - Motorferdsel - Folgefonna nasjonalpark - Mosnes - Helikopter - Skift av transformator - Fagne		2023/14833
DS 6/23	Delegert løyve - Folgefonna nasjonalpark - Buer landskapsvernområde - Motorferdsel - Helikopterlandinger - NGU Referatsaker		2023/12441
RS 14/23	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - søknad - motorferdsel - snøskuter - Verafjell - Vetlenuen - Revavatnet - hytto - Holmavatnet - april - mai		2023/5711
RS 15/23	Delegert løyve - motorferdsel - helikopter - Støladalen - Holmskjeret - Reinanuten - Folgefonna nasjonalpark - Øyvind Rosseland		2023/7269
RS 16/23	Vedtak - Løyve til helikoptertransport til sel på Vierdal - Folgefonna nasjonalpark		2023/5998



**ST 27/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden**  
**ST 28/23 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**



Arkivsaksnr: 2022/11690-0  
Sakshandsamar: Øystein Wallevik  
Dato: 21.09.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	29/23	06.10.2023

## Klage pålegg om retting av tiltak - Folgefonna nasjonalpark - restaurert stølsbu - Vierdal

### Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre tek ikkje klagen frå Einar Riise til fylgje, og opprettheld tidlegare vedtak med ny frist for ferdigstilling av tiltak satt til 30.09.2024  
Folgefonna nasjonalparkstyre har vurdert saka i høve presedens og påverknaden på verneføremålet, og ser ikkje at det er framført vesentlege nye moment i saka. Saka vert sendt vidare til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

### Saksopplysningar

Dokument i saka

- Byggeløyve frå nasjonalparkstyret, 07.04.2014
- Rapport frå Statens naturoppsyn, 01.08.2022
- Svar frå søkjar, 07.11.2022
- Vedtak om pålegg om retting av tiltak, 20.06.2023
- Utfyllande klage på vedtak om pålegg om retting av tiltak, 15.08.2023

### Opplysningar om bakgrunn for klage

Folgefonna nasjonalparkstyre fatta på styremøtet den 20.06.2023 eit vedtak om «pålegg om retting av tiltak utført på stølsbu i Vierdal» i sak 2022/11690 etter ei synfaring på stølen i Vierdal. Her vart det lagt fram at styret hadde observert brot på både vernereglar og vilkår satt i byggeløyvet i samband med ombygging av stølhus på Vierdal etter løyve gitt i sak ST 7/14. Både melding av tiltaket og riving av bygg var oppe til vurdering. Styret erkjente at byggeløyvet gitt i 2013 var særskild mangelfullt, men at søkjar (no klagar) hadde gått langt utanfor det som var omsøkt, både når det gjaldt terrenginngrep og materialar som er nytta. Det vart likevel konkludert med at styret ønska ei pragmatisk tilnærming, med søkelys på retting og avbøtande tiltak. Det vart understreka viktigheita av å oppretthalde kulturlandskapet og stølsmiljøet i Vierdal, med landbruk driven på lag med vernereglane i Folgefonna

---

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen

nasjonalpark. **Styret valgte å gje løyve til å behalde enkelte av elementa** på stølshuset som ikkje var med i opphavleg byggesøknad og -løyve, og som vart omsøkt etter kontroll hausten 2022. Elementa som vart godkjet av styret er lista opp under:

- Takstein kan behaldast
- Ekstra vindaug i gavl på vestsida
- Solcellepanel som dei er i dag
- Konteiner kan stå fram til byggearbeidet er ferdig med siste frist 30. 09.2023. Frakt av konteinar ut av området krev eige motorferdselløyve
- Vindaug og dør i kjellar kan behaldast så lenge dei er tildekte med skodder eller tredekke når selet ikkje er bebudd, sjå punkt under retting
- Behalde steintippen mellombels. Steinen skal nyttast til å blende ringmuren på vestsida av selet. Overskytande steinmassar skal tilbakeførast i terrenget rundt hytta der det er gjort gravearbeid på ein naturleg og terrengtilpasse måte og dekkast med jordmassar og torv så det gror fort til og ikkje er tydelege steinsamlingar igjen. Tilførte steinmassar må fraktast ut av området. Fristen for å rette opp er sett til 30.09.2023.

Følgjande tilhøve måtte rettast, med frist for å rette opp satt til 30.09.2023:

- Grunnmur: Det er eit stort sprik mellom dei omsøkte byggeteikningane og grunnmur og kjellar slik han framstår i dag.
- Sørveggen av muren: For å framstå som på byggeteikning pålegg styret tiltakshavar å kle inn betongmuren på sørsida med ståande kledning, der dør og vindu får skodder eller tredekke som går i ett med kledningen på muren (sjå Figur 1). Tredekke skal ha same farge som resten av hytta.



Figur 1: Tiltak sørveggen av muren

- Vestre gavlvegg: For å dempe inntrykket av muren her pålegg styret å legge ein støttemur i naturstein som blir lik dei andre sela på stølsvollen. Muren skal ikkje gå meir ut enn ein meter frå selet, fram til hjørnet på sørveggen og resterande betongmur opp mot kledning dekkast med ståande kledning eller bølgeblekk slik det er begynt dekkast som vist i Figur 2.





Figur 2: Tiltak vestre gavlvegg

- Austre vegg og terrasse: Her er det murt opp ein terrasse med front på to meters høgde og sju meters lengd. Styret pålegg Einar Riise å fjerne stein frå bakkemur som vist på Figur 3 og 4. Terrenget elles i terrassen skal tilbakeførast til opphavleg helning, med bruk av overskytande stein og jordmassar. Ei enkel steintrapp i stil med dei andre sela på stølsvollen kan settast opp for å lette tilkomst til døra.




Figur 3: Tiltak austre vegg og terrasse



Figur 4: Tiltak austre vegg og terrasse

- Inngangsdør: Styret pålegg søkjar å endre døra til ei tredør utan vindaug som omsøkt, sjå Figur 5



Figur 5: Tiltak inngangsdør



## Førehandsvarsel om tvangsmulkt

Nasjonalparkstyret varsler om tvangsmulkt på 500 kroner per dag til tiltaka vart retta opp i etter naturmangfaldslova § 73, med frist 30.09.2023. Etter forvaltningslova § 42 hadde klagar rett til å be om oppsettande virkning, det vil seie å be om at gjennomføring vert utsett til klagen er handsama ferdig.

## Opning av klagesak

I brev av 05.07.2023 kjem advokat Hilde Avlås Grande på vegne av tiltakshavar Einar Riise med ein førebels klage etter § 28 i Forvaltningslova, på vedtaket gjort av Folgefonna nasjonalparkstyret 20.06.2023. Klagefristen på vedtaket etter § 29 i Forvaltningslova på 3 veker (innan 18.juli) hamna midt i ferieavvikling, og utfyllande og begrunna klage skulle bli sendt snarast mogleg etter enda ferie, seinast 15. august 2023. Den utfyllande klagen vart motteken den 15. august 2023. Det vart søkt om oppsettjande virkning i «(Utfyllende) klage på vedtak om pålegg om retting av tiltak – saksnr. 2022-11690», med stadfesting om at oppsettande virkning vart akseptert 20.07.2023.

## Utdrag frå klage frå Einar Riise på vedtak i sak 2022/11690

Klagar understrekar at det er vanskeleg å lese detaljeringsnivået i opphавеleg søknad. Ordbruken «tenkt nytta» frå søknaden, samt «i tråd med» frå vedtaket om pålegg om rettingsarbeid, meiner klagar åpner for ein grad av naudsynte tilpassingar. Desse tilpassingane meiner klagar ikkje er i strid med opphавеleg løyve, og i samsvar med tradisjonell byggeskikk samt tilpassa landskapet. Klagar vel å klage på følgjande høve som krevde retting:

### 1. Påstått terrenginngrep i eit stort område rundt selet

Klagar reagerar kraftig på nytta begrep som «terrenginngrep» og «steintipp». Eksisterande grunnmur var ein steinmur som seig innover, og denne vart erstatta med ein grunnmur i betong for langsiktig stabilitet. Stein frå opprinneleg grunnmur vart nytta til mur på aust og vestsida (ikkje ferdigstilt). Inntrykket av ny grunnmur skal dempast ved å mure opp stein, med høgde avhengig av resterande stein.

«Steintippen» som vert omtala kom som eit resultat av ei utgravd «byggegrop» for tilbygget til stølshuset. Denne steinen har klagar «gjøymd bort» innanfor muren utanfor inngangspartiet, og meiner dette er den einaste måten å «bli kvitt» slik overskotsstein på. Klagar understrek at dette er stadleg stein, og ikkje tilført steinmasse. Skulle klagar få anledning til å ferdigstille arbeidet som planlagt, meiner klagar at det ikkje vil vere noko igjen av «steintippen».

### 2. Grunnmur

Klagar meiner pålegg om bruk av ståande kledning og skodder for dør og vindu for å kle inn betongmuren bryt med tradisjonell byggeskikk, og at skodder vil vere eit klart «avvik» då det ikkje førekjem i stølsområdet. Det vert også nemnt at eit av nabosela har grunnmur i betong, utan forblending av noko slag, berre malt/ «slemma» (sjå Figur 6). Klagar meiner også det vil være svært lite praktisk med kledning og skodder på grunnmuren, då tilkomsten blir vanskeleg på vinterstid.

Klagar meiner det bør være nok å mure opp grunnmuren på sørsida med overskotsstein/naturstein, og male døra i same farge som resten av hytta. Fasaden på vestsida kan også murast opp slik anvist av forvaltningsstyret, men ståande kledning eller bølgeblekk nemnast som framand og ikkje i tråd med tradisjonell byggeskikk.



Figur 6: Nabolag med grunnmur i betong

Klagar forklarar at det ekstra vindaugget i kjellaretasjen vart etablert for å «dekke opp for manglande lysinnslipp i kjellaretasjen». Dette er eit behov ved bruk av kjellaren som flór/opphaldsplass for beitedyr ved sjukdom.

**Klagar meiner pålegget om å kle inn betongmuren på sørsida med ståande kledning, med skodder for dør og vindauge, må opphevast.**

Forslag til nytt vedtak frå klagar: Delvis oppmuring med naturstein på sør- og vestlig fasade, samt at dør målast i tilsvarande farge som resten av bygget.

### 3. Austre vegg og «terrasse»

Klagar reagerar på at «gjenoppbygging av utrast mur på austre side av stølshuset» betegnast som ein «terrasse». Muren er satt saman som tidlegare nemnt av stein frå opphavelag grunnmur og anna stein som «kom fram» i grunnarbeid med tilbygg, og klagar meiner dette ikkje er i strid med opphavelag omsøkt og tillaten tiltak. Dette meiner klagar tydeleg visar at mur på austre vegg i høgda går opp til kledning i hovudplan.

Klagar meiner bileta tatt av nasjonalparkstyret, og nytta i vedtaket, er misvisande for å vurdere landskapseffekten av «murrestaureringa» og inntrykket av at det er etablert ein «terrasse» foran inngangsdøra. Klagar har tatt eigne bilete han meiner gir eit betre inntrykk (sjå Figur 7)



Figur 7: Klagar sine egne bilete

Klagar forklarer at det var flatt foran inngangsdøra også før arbeidet tok til, men at muren som heldt terrenget oppe var «for ein stor del rast ut» (sjå Figur 8). Arbeidet med muren har også fått fram dei gamle løkkene i muren som vart nytta til å tjore kyra fast ved melking.



Figur 8: Gammelt bilete av området før arbeidet tok til

Klagar understreker på nytt at arealet utanfor inngangsdøra er «fylt inn» med steinmasser frå arbeidet med tilbygget. Det estetiske inntrykket meiner klagar «på inga måte er noko som er framand i landskapet for øvrig, eller skil seg monaleg frå øvrige sel i området», og påpeikar at selet like ovanfor har ein gråsteinsmur på over ni meter på sørsida.

Klagar kan ikkje sjå at «terrassen» er i strid med «det som opphaveleg vart søkt om, i strid med estetiske landskapsomsyn eller tradisjonell byggeskikk – eller i seg sjølve eit større terrengiltak i strid med formålet i verneforskrifta».

**Klagar meiner pålegget om å fjerne stein frå bakkemur og føre terrenget tilbake til opprinneleg helning, må opphevast.**

#### 4. Inngangsdør

Klagar er enig i at søknadsteikningen har vist ei «tett dør» med ståande kledning/panel. Vidare påpeikar klagar at vedtaket ikkje presiserar at det skal nyttast bygningsdeler som vist på teikning, men at utføringa skal vere «i tråd med søknad» og «i tråd med» tradisjonell byggeskikk. Byggereglane har endra seg betydelig ifølgje klagar, der «myndigheitene har tilpassa regelverka til dokumenterte konklusjonar om at både menneske og dyr har behov for ei viss mengd dagslys og moglegheit til utsyn for at innemiljø i opphaldsrom skal vere tilfredsstillande». Det er i tillegg svært praktisk og naudsynt med utsyn mot austsida for å lette tilsynet med dyra, då klagar som praksis har nytta denne sida til innhegning for sauer i samband med sanking.



Døra har både fals og sprosset på glaset, noko klagar meiner ein finn igjen på dei øvrige vindauga på denne og andre støler. Døra forklarast å ha blitt levert med feil fargekode, og klagar ønskjer å få døra i same farge som stølshuset.

Klagar meiner døra ikkje vil være i tråd med tradisjonell byggeskikk «i ein slik grad» at han skal påleggast å velja ei tett dør. Klagar oppfordrar til at sjølv om ein skal ta viktige og nødvendige vernehensyn, bør ikkje dette for ein kvar pris gå på bekostning av innemiljøkvaliteter som ellers stillast til opphaldsrom for menneske og dyr.

**Klagar meiner pålegget om å endre inngangsdøra til ei tredør utan vindauge, må opphevast.**

Forslag til nytt vedtak frå klagar: Døra målast i same farge som stølshuset.

### Tidsfristar og tvangsmulkt

Klagar avsluttar med å understreke at vedtaket om pålegg om rettingsarbeid oppfattast som å «legge stein til børen», og at det er uforståeleg at arbeidet klagar har lagt ned på stølen blir oppfatta som forringing. Vurderingar av «estetikk» og «landskapsbilde» påpeikast som skjønsmessige vurderingar som vil oppfattast ulikt, og klagar meiner arbeidet som er lagt ned er naturlege tilpassingar med lite «teknisk» tilrettelegging.

Klagar oppmuntrar til å støtte oppunder dei med stølsdrift, slik at dei ikkje blir forlatt og forfell. Vidare bes det om at i eit ev. nytt vedtak, eller ved ev. oppretthalding av gjeldande påklagde vedtak, gis utsatt frist for ferdigstilling av tiltak til 30.09.2024.

### Lovgrunnlaget

Vierdal ligg i Folgefonna nasjonalpark og tiltak må vurderast etter reglane i forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark. Det er Folgefonna nasjonalparkstyret som har forvaltningsmynde etter verneforskrifta.

*Føremålet med Folgefonna nasjonalpark er (jf. forskrifta § 2):*

- *å ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde, som sikrar heilskapen og variasjonen i naturen frå låglandet til høgareliggjande område med fjell og bre*
- *å ta vare på verdfull vassdragsnatur*
- *å sikre det biologiske mangfaldet med økosystem, artar og bestandar*
- *å sikre viktige geologiske førekomstar*
- *å sikre verdfulle kulturminne*

*Allmenta skal ha høve til naturoppleving ved å utøve tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.*

I verneforskrifta er det reglar som forbyr bygging og varige tekniske inngrep. I § 3 1.3 er det opna for at nasjonalparkstyret kan gi løyve til:

*1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:*

- a. Ombygging og utviding av bygningar.*
- b. Ny oppføring av bygningar som går tapt ved brann eller anna naturskade.*
- c. Oppføring av bygningar og anlegg i samband med husdyrnæring, herunder oppattbygging av stølshus.*
- d. Oppføring av bygningar i samband med oppsyn med verneforskriftene og oppsyn i medhald av anna lov*



I forvaltningsplanen er det skissert kva retningslinjer som gjeld ved ombygging og nybygg:

#### **«Bygningar og andre innretningar**

*Det er fleire bygningar (stølar, hytter og uthus) og andre innretningar (t.d. gjerde) i nasjonalparken.*

#### **Rammer og regelverk**

*Vernereglane er ikkje til hinder for vedlikehald av eksisterande bygningar og andre innretningar (t.d. gjerde), jf. pkt. 1.2 a.*

*Det skal vere ei restriktiv forvaltning av området når det gjeld heilt nye bygningar. Vernereglane er difor utforma ut frå målet om å kunne gje ei klår avgrensing når det gjeld nye bygg.*

*Vernereglane opnar for oppføring av nye bygningar i samband med husdyrnæring, oppsyn eller om bygningar går tapt ved brann eller annan naturskade.*

#### **Retningslinjer**

- *Normalt innvendig og utvendig vedlikehald som å skifte kledning, vindauge og anna som ikkje fører til endring av storleik eller fasade er tillate utan søknad. (Alle former for utvidingar, også plattingar og andre tiltak som berre er meldepliktige eller er unnatekne frå meldeplikt, jf. PBL, er søknadspliktige i nasjonalparken).*
- *For å gjennomføre tiltak på bygningar som fører til endringar i utsjånad, form og storleik, må det søkjast om løyve, jf. pkt. 1.3 a i vernereglane. Ved vurderinga vil det verte lagt stor vekt på estetikk og landskapsbilete i tillegg til omfanget av endringane. I ein søknad om ombygging/utviding er det svært viktig at behovet for eventuelle endringar vert gjort godt synleg.*
- *Normalt vert det gjeve løyve til oppattbygging av bygningar som er gått tapt i brann eller ved annan naturskade. Dersom bygningen hadde ei uheldig plassering med tanke på verneverdiane bør bygningen byggjast opp at på meir eigna stad på eigedomen.»*

Det er også retningslinjer som gjeld ved vedlikehald og arbeid på kulturminne og verneverdige bygg.

Det er også retningslinjer som gjeld ved kulturminne:

#### **Rammer og regelverk**

*Kulturminnelova gjeld i nasjonalparken, som andre stader. Å ta vare på kulturminne er òg ein del av verneføremålet, jf. verneforskrifta § 2. Pkt. 4.1 i vernereglane seier at kulturminna skal sikrast mot skade og øydelegging, og lause kulturminne skal ikkje flyttast eller fjernast. Jf. pkt. 4.2 kan forvaltingsstyresmakta gje løyve til istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.*

#### **Retningslinjer**

- *Ved handsaming av søknad om løyve til istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne, skal forvaltingsstyresmakta vurdere konsekvensane for naturverdiane av eit slikt løyve både på kort og lang sikt, og korleis dette eventuelt kan skape presedens for seinare saker. Ved vurderinga vil det verte lagt stor vekt på estetikk og landskapsbilete.*
- *I saker som gjeld søknader om tiltak etter vernereglane pkt. 1.3.a, b, c, d og i, skal fylkeskommunen ha sakene til fråsegn og elles gje råd og rettleiing om tradisjonell byggjeskikk. Inntil nærmare retningslinjer om tradisjonell byggjeskikk er på plass, skal desse retningslinjene leggjast til grunn:*
  - *Det skal så langt som råd takast vare på opphavlege bygningsdetaljar.*
  - *Om ein må byte kledning skal berre det som er nødvendig skiftast ut. Ny kledning skal vere lik den eksisterande.*





- *Dersom det skal målast utvendig, skal det nyttast same fargen som det har vore tidlegare.*
- *Vindauge og dører skal restaurerast/reparerast heller enn å skiftast ut. Er utskifting nødvendig skal dei ha tilnærma lik utsjånad og same mål som tidlegare.*
- *Rekonstruksjon kan berre tillatast når det ligg føre dokumentasjon på korleis den opphavelge bygningen såg ut.*
- *Ved restaurering og rekonstruksjon skal fylkeskommunen gje fråsegn og råd om utføringa.*

*Dei fleste verneverdige bygningane i området vil truleg måtte takast vare på av interesserte eigarar. Vern gjennom bruk kan vere viktig for å skape interesse og motivasjon for vernet. Bruk, t.d. gjennom utleige for enkel overnatting, kan danne eit økonomisk grunnlag for vedlikehald. Nokre av bygningane i verneområda kan truleg med fordel restaurerast eller tilbakeførast til ein meir opphavelg stand og utsjånad. Dette kan t.d. gjelde bygg eller utbetringar av "nyare" dato som klårt bryt med opphavelg utsjånad eller lokal, tradisjonell byggjeskikk.»*

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

#### Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggjast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdere om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet

## Vurdering

Det vert vist til tidlegare vurdering av saka i sak 2022/11690. Forvaltar kan ikkje sjå at det har kome nye moment i saka som gjer at innstilling til vedtaket vert endra. Byggeløyvet frå nasjonalparkstyret seier «Tilbygg og restaurering av selet skal vera i tråd med innsendt søknad datert 20.12.2013». Ordbruken «tenkt nytta» frå byggesøknaden omhandlar kledning, tak og glas, og ein kan sjå argumentet for små naudsynte tilpassingar knytta til eksempelvis val av material. Dette er også noko nasjonalparkstyret har teke stilling til, og gjeve løyve til fleire element som ikkje var med i opprinneleg byggesøknad og løyve, som omsøkt etter kontroll hausten 2022.

Korkje vindauge i gavl på vestsida, ytterdør eller kjellar var med i den opphavelge søknaden, men styret har valt å la vindaugene i gavl på vestsida stå. Forvaltar vurderar det til at med dei nye vindauga vil det være tilstrekkeleg gode lysforhold, og at det ikkje er naudsynt med fleire vindauge. At vindauge på døra vil gjere det enklare å halde tilsyn med dyr er ikkje eit tilstrekkeleg argument for å sjå bort ifrå tradisjonell byggeskikk og presedensverknad. Store element som austre vegg med «terrasse» og inngangsdør er ikkje «i tråd» med innsendt søknad. Dette er nye element og er ikkje å rekne som små endringar og tilpassingar som kan akseptast innanfor argumentet om at vilkår i opphavelge løyve ikkje var tilstrekkeleg. Særskilt den austre vegg med det som omtalast som "terrassen" bryt klart med opphavelge mur og området naturlege helling.

Løyva som er gitt til å blant anna behalde solcellepanel og takstein er gitt på bakgrunn av spesielle omstende då løyvet var mangelfullt, og desse løyva skal dermed ikkje ha presedensverknader for andre stølshus. Nasjonalparkstyret har strekt seg langt for å leggje til rette for moderne og tidsriktig bruk av stølen på bakgrunn av desse mangelfulle vilkåra i løyvet. Men forvaltar ser ikkje høve til å vike endå lengre unna tradisjonell byggeskikk, med tanke på presedensverknadar, men særskilt for å bevare det inntrykket som står att av eit tradisjonelt stølshus. Pålegget om ståande kledning og

skoddar som eit avbøtande tiltak mot grunnmurens utsjånad, verkar på forvaltar som eit fornuftig tiltak basert på tidlegare bilete av stølen og tradisjonell byggeskikk (sjå figur 9).

Planlegg ein å gå såpass langt utanfor det som er skildra i opphavelag byggesøknad, må ein ta ansvar og søkje om løyve til planlagde tiltak før tiltaka vert gjennomført. Forvaltar rår til at vedtaket om pålegg om retting av tiltak på stølsbua i Vierdal vert oppretthalde, men at frist for gjennomføring vert endra til 30.09.2024, slik det er framlegg om i klagen. Ved oppretthalding av vedtak vil klagen skipast til Miljødirektoratet for vidare klagebehandling jmf. Forvaltningslova § 33.



Figur 9: Bilete av stølsbua frå 2013

### **Opphavelag vurdering frå nasjonalparkforvaltar Astrid Bakke Haavik i saksframlegget (20.06.23) i sak 2022/11690 er lagt inn nedanfor:**

*Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene av tiltaket på verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 23.11.2022). Forvaltar viser også til byggeløyvet gitt 07.04.2014.*

*I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. I eit stølsmiljø er det viktig å oppretthalde det tradisjonelle uttrykket på bygningar, og ta vare på kulturminna.*

*Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Dette gjeld både i kvar einskild sak men også kva som vert samla belastning om alle tilsvarande saker vert handsama likt. I denne søknaden vil delar av tiltaka som er søkt om føre til ein vesentleg presedensverknad for handsaming av tilsvarande saker om ombygging og restaurering av gamle stølsbua, som går vidt ut over dei føresetnadene som er sett for bygg i forskrift og forvaltningsplan. Naturmangfaldlova § 9 omhandlar føre-var-prinsippet. Om styret tillét å byggje slik søkjar her har gjort vil dette skape store presedensverknader for tilsvarande stølsmiljø i alle verneområda.*



Forvaltar viser til rapporten frå SNO med bilete som viser utforming av hytta i juli i år og byggeteikningane som vart godkjente i 2014. Forvaltar viser også til løyvet gitt i 2014. Søkjar har svart på førespurnaden frå nasjonalparkstyret og sjølv kommentert på rapporten frå SNO. Søkjar ønskjer å søkje om å få godkjent dei delane av byggeprosjektet som ikkje var med i opphavleg byggjesøknad og -løyve. Det er fleire brot på vernereglane og byggeløyvet i denne saka. Vurderinga av kva som kan bli gitt løyve til må basere seg på i kor stor grad inngrepet bryt med vernereglane og korleis dei bidreg til ein auka samla belastning på sjølv byggetiltaket og presedensverknaden av å gje løyve for andre byggesaker i verneområda.

Etter vedtektene til Folgefonna nasjonalparkstyret punkt 8.5 har styret eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at alle brot på verneforskriftene vert rapporterte/anmeldt til politiet om det er grunn til å tru at noko straffbart har skjedd. Om nokre av tiltaka ville vore godkjent på søknadstidspunktet er det fornuftig å avklare dette før styret sanksjonerer mot brot på verneforskrifta. Eit krav om retting bør sjåast i samanheng med Ullensvang kommune sin vurdering av byggesaka etter plan- og bygningslova. Det har ikkje lukkast forvaltar å få tak i gjeldande byggeløyve frå Ullensvang kommune, eller ei vurdering av tiltaket frå kulturminnemynda.

Den løyvde ombygginga har vore såpass omfattande at det ikkje er noko igjen av det eventuelt verneverdige ved sjølv bygget. Dei opphavlege murane og støttemurane aust om selet har truleg hatt ein verneverdi, men det er usikkert for forvaltar om tiltaka som er gjennomførte her har vore til gagn eller skade. Fylkeskommunen har heller ikkje omtalt tilstand på grunnmur eller støttemurar slik dei låg før byggearbeidet.

Styret har også mynde til å ilegge administrative sanksjonar, som retting, om det er aktuelt.

Miljødirektoratet kan etter § 74 ilegge miljøerstatning om det er gjort ulovlege inngrep i verneområde, brot på vilkår i løyve og liknande.

### Takstein

Det er ikkje sett vilkår i løyvet som regulerer takstein. Takstein i betong er ikkje ønskeleg på stølshus i nasjonalparken, då det er i strid med tradisjonell byggeskikk. Søkjar opplyser om at det ikkje er takstein, men takplater med ru overflate, til liks med naboselet. Platene er valt då dei ikkje er blanke som bølgjeblekk. Forvaltar vurderer at val av takstein er innafor løyvet som vart gitt i 2014, då det ikkje er spesifisert i vilkåra kva takstein som skal nyttast. Her innstiller forvaltar på at søkjar får behalde taket slik det ligg.



Selet slik det stod i 2013 hadde svarte blekkplater på taket



Taket ved kontroll i 2022

### Ekstra vindauge i gavl

Vindauget var i følgje søkjar gløymt ut i dei opphavlege byggeteikningane. Vindauget er naudsynt som rømmingsveg frå hems. Forvaltar meiner vindauget i nokon grad bryt med det tradisjonelle inntrykket

på stølshuset, men meiner at føremålet med rømmingsveg må vege tyngre og innstiller på at søkjar kan få løyve til å la vindaugget stå.

Framlegg: Søkjar får behalde vindaugget i vestre gavl som han har søkt om det.



Byggeteikningane datert 19.03.2013, utan vindaug i gavl

### Solcellepanel

Solcellepanela er ikkje i tråd med byggeteikningane som er gitt løyve til. Forvaltningsplanen legg til at tiltak på bygningar som fører til endringar i utsjånad, form og storleik, må søkjast om, jf. pkt. 1.3 a i vernereglane. Ved vurderinga vil det verte lagt stor vekt på estetikk og landskapsbilete i tillegg til omfanget av endringane, dette gjeld sjølv om tiltaket er unnateke meldeplikt etter plan- og bygningslova. Søkjar viser til behov for å ha straum til opphald og lading av telefon og GPS som er nyttige verktøy i samband med beitetilsyn. Forvaltar ser at det er eit behov og ønskje med straumtilgang på stølane. Solcellepanel er ein teknologi som har komme for å bli. Retningslinene for fasadeendring seier at vi skal leggje vekt på estetikk og landskapstilpassing. Solcellepanel på veggane bryt med eit tradisjonelt uttrykk på stølen, men samtidig pregar solcellepanel dei fleste stølsmiljø i verneområda, og alternativ som straumaggregat vil føre meir negativt med seg enn sjølve panela.


Framlegg: Forvaltar stiller inn på at søkjar får løyve til å behalde solcellepanelet på sørsida, med eit mål på: XX slik det er monterte i dag, utan helling. Forvaltar føreslår å gje avslag på solcellepanelet på austsida av bygningen.

### Blå konteinar

Det er ikkje søkt om eller gitt løyve til mellombels eller permanent oppsetting av konteinar i verneområdet. Dette er brot på vernereglane i § 3. Søkjar opplyser om at konteinaren har vore lagerplass for verktøy straumaggregat og bensin m.m. i byggjeperioden. Konteinaren vil verte fjerna så snart murbygginga er gjennomført, i følgje søkjar. Forvaltar ser behovet for å ha eit lager til verktøy og maskinar i eit så omfattande byggeprosjekt, og om det hadde vore søkt om å setje opp ein mellombels konteiner ville det mest sannsynleg vert gitt løyve.

Framlegg: Forvaltar stiller inn på at søkjar kan ha konteinar på plassen til arbeid med stølshuset er ferdigstilt. Innstiller på at konteinar får stå til byggearbeid og opprydding er ferdig 30.09.2023. Frakt av konteinar ut av området krev eige motorferdselløyve.

### Ekstra vindauge i kjellar



Fronten på selet etter byggeteikningane



Front på selet ved kontroll i 2022

Vindaugget på muren er ikkje i tråd med byggeteikningane som er gitt løyve til. Søkjar opplyser om at det opphavlege stølshuset (som var delvis rive før 2013), hadde eit vindauge her. Kravet i forskrift og forvaltningsplan er at ombygging og utviding av eksisterande hus må skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og tilpassa landskapet. Kjellaren var opphavleg mjølkeflôr. Forvaltar vil nødig gje rom for ein ny praksis der ein innreier kjellar under sela, då dette vil bryte med tradisjonell bruk og byggeskikk på stølsområda våre. Forvaltar meiner styret her må vurdere å setje krav om retting ved å blende att vindaugget med stein, sjå også punkt om grunnmur under.

Framlegg: Forvaltar stiller inn på at søkjer får avslag på å behalde vindauge i kjellar.

### Grunnmur under stølsbua.

I den opphavlege byggesøknaden og påfølgjande løyve er det ikkje søkt om eller gitt løyve til å setje opp ein ny grunnmur under selet. Styret kan sjå behovet for å etablere ein mur når selet skulle utvidast, men det har ikkje gått fram av søknaden, byggeteikningar, høyringsinnspel, eller løyvet at grunnmuren skulle utvidast. Forvaltar legg til grunn at alle vurderingar av byggesøknad i si tid var at selet skulle framstå som byggeteikningane viser, og såleis vere med ein mykje lågare mur i naturstein. Søkjar opplyser per telefon 21.11.2022 at planen er å bruke dei resterande steinmassane til å blende att betongmuren på framsida og vestsida av selet på same måte som det er gjort aust for selet. Planen var å dekke betongmuren opp til høgda av vindaugget og bruke fasadestein i naturstein limt på muren frå vindaughøgda til kledning. Slik vil inntrykket av muren bli mindre. Søkjar opplyser at kjellaren skal kunne nyttast til å ta inn sjuke storfe om dei vert skada og sjuke i utmarka og viser til krav frå Mattilsynet om å ha skjul til sjuke dyr.

Forvaltar meiner høgde og utforming av muren, med vindauge og dør er eit brot på løyvet gitt etter verneforskrifta. Tek vi utgangspunkt i teikningane, er det ein vesentleg lågare mur som er teikna inn, sjølv om desse korkje er omtalt eller oppmålt på nokon måte. Om det hadde vorte søkt om å setje opp ein grunnmur i samband med byggesøknaden, ville det mest truleg vore stilt krav til høgde og utforming av sjølve muren. For å vere mest mogleg i tråd med tradisjonell byggeskikk bør muren ikkje gå over bakkenivå og framstå som oppført i naturstein. Forvaltar er usikker på om å legge stein utanpå muren vil oppnå det same inntrykket. Styret har gitt signal om at dei ønskjer å få selet heilt ned på bakkenivå, og såleis seinke høgda på grunnmuren. Ein høg ringmur slik det er i dag bryt med tradisjonell byggeskikk. Difor meiner forvaltar at tiltaket bør rettast ved å fjerne den øvste halve meteren på den støypte muren og blende resterande synleg betong på sørsida og vestsida av selet med naturstein.

*Framlegg: Forvaltar stiller inn på å gje avslag på ringmuren slik han framstår i dag.*

### **Steinhaug**

*Det er ikkje søkt om eller gitt løyve til steintipp. Dette er brot på vernereglane i § 3. SNO har stilt spørsmål ved om steinane her er tilførte eller frå plassen. I følgje søkjar er steinmassane her grave ut frå den gamle stølstomta. Steinmassane har søkjar tenkt å bruke til å mure framom betongmuren på framsida av selet og på vestsida av selet. Forvaltar meiner at det er sannsynleg at søkjar hadde fått løyve til å mellombels lagre stein i byggeperioden om det hadde vore søkt om å grave ut tomt, lage ein mellombels steintipp og bruke massane i grunnmuren i byggesøknaden. Det er lite truleg at det hadde vore gitt løyve til å frakte inn stein til å ha i murane. Forvaltar kan ikkje sei om steinmassane er tilførte eller frå plassen. Sidan søkjar her ikkje er ferdig med arbeidet og har ein plan om å nytte steinen til å mure rundt hytta meiner forvaltar at styret kan gje eit mellombels løyve til steintipp for å la søkjar få tid til å avslutte arbeidet sitt.*

*Framlegg: Søkjar får løyve til å behalde steintippen mellombels og til å nytte steinen til å blende ringmuren på sør- og vestsida av selet.*

### **Steinmur aust for stølsbua.**




*På biletet frå stølsbua i 2013 ser ein noko av murane.*

*Det er ikkje søkt om eller gitt løyve til å fye inn stein, etablere ein mur utfor stølshuset, eller steintipp. Dette er brot på vernereglane i § 3. I følgje søkjar er steinmassane her grave ut frå den gamle stølstomta. Det var spor av ein gamal oppmurt platting aust for selet ved synfaring i 2013. Noverande mur er over to meter høg i framkant og over sju meter på det breiaste. Tiltaket bør rettast, slik at muren framstår meir som i 2013.*

*Framlegg: Forvaltar stiller inn på eit avslag til muren slik han framstår i dag og at søkjar må komme med ein detaljert plan med teikningar/bilete som viser korleis muren skal tilbakeførast. Tilbakeføring må gjennomførast før 30.09.2023*

## Inngangsdør



Ny stølsbu – måltall:



Det er teikna ei dør i ståande panel utan vindaug

Byggeteikningane viser ei dør utan vindaug og med kledning. Styret meiner døra må vere som søkt og i ein farge og material som samsvarar med resten av støls huset.

Framlegg: Forvaltar stiller inn på at søkjar får avslag på å behalde døra og at løyve kjem med vilkår om at døra skal endrast slik at ho framstår som på byggeteikningane, med ståande kledning og utan vindaug. Døra skal vere beisa mørk brun eller i same farge som kledning.

## Kjellardør

Byggeteikningane viser ei enkel, låg dør. På bileta er det ei kvitlakkert dobbel dør. Søkjar opplyser om at døra er i lakkert pvc og var feilfarga frå fabrikk. Det er planar om å male døra grå. Søkjar opplyser i byggeteikningane er det teikna inn ei dør i ståande bord, med ei vesentleg lågare høgd og breidd enn slik den framstår i dag. Dette er ikkje i tråd med byggeløyvet. Tiltaket bør rettast.

Framlegg: Forvaltar stiller inn på å avslå søknad om å behalde døra. Døra skal byttast ut med ei lågare dør tilpassa ny høgd på ringmur og ha ståande kledning og anten beisa i mørk brun farge eller same farge som kledning.

## Konklusjon:

Slik forvaltar ser saka er det fleire grove brot på vernereglane og byggeløyvet som vart gitt i 2014. Det er aktuelt å krevje retting av fleire av brota på løyvet som er gitt, og styret bør vurdere om nokre av tiltaka skal anmeldast. Ved å rette og tilbakeføre delar av dei ulovlege tiltaka vil påverknaden på verneverdiane og samla belastning verte minimerte.







Arkivsaksnr: 2023/14522-0

Sakshandsamar: Lars Mikkjel Hus Kråkenes

Dato: 29.09.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	30/23	06.10.2023

## Buer landskapsvernområde - motorferdsel - utfyking av storvilt - Bjørn Buer

### Innstilling frå forvaltar

*I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak*

Med heimel i Naturmangfaldlova § 48 (*dispensasjon frå vernevedtak*), gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Bjørn Buer løyve til å nytte helikopter i samband med uttransport av storvilt i Buer landskapsvernområde. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet er fleirårig og gjeld for inntil 2 turar (tur/retur) i tidsrommet 15.08.2023 - 23.12.2027
- Løyvet gjeld transport av felt storvilt
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Løyvet gjeld under 300 meter over bakken
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdaggar
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på epost [rune.mikkelsen@miljodir.no](mailto:rune.mikkelsen@miljodir.no) eller på telefon **907 73 117**
- Det skal først køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal først i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan**
- **31. desember kvart år**. Merk med referanse: 2023/14522-0. Send gjerne på e-post til:
- [fmvlpost@statsforvalteren.no](mailto:fmvlpost@statsforvalteren.no)

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette.

---

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



## Søknaden

Bjørn Buer søker om å transporter ut felt storvilt på sin egen eigedom i Buer landskapsvernområde i samband med jakt. Tidlegare har søker fått eit fleirårig løyve til 2 turar (tur/retur) per år i perioden 22.09. - 23.12. No søker han om nytt fleirårig løyve i perioden 15.08 – 23.12, med vidareføring av dei inntil 2 turane (tur/retur). Kor mange turar som trengs vil om anna kunne avhenge av årleg jaktkvote og tal på felte dyr.

## Verneforskrift og verneformål

Saka gjeld motorferdsel i Buer landskapsvernområde.  
Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Buer landskapsvernområde, Forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark og Naturmangfaldlova.

I Forskrift om vern av Buer landskapsvernområde § 3 punkt 5.1 står det at «Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter».

Det er i alle dei andre landskapsvernområda kring Folgefonna opna for naudsynt motorferdsle for uttransport av felt storvilt – utan at det er søknadspliktig. I Folgefonna nasjonalpark er det opna for dette gjennom søknad. For Buer landskapsvernområde er dette føremålet ikkje tatt med i forskrifta, slik at det i denne saka er § 48 (*dispensasjon frå vernevedtak*) i Naturmangfaldlova som må nyttast som heimel.

### Naturmangfaldlova § 8-12:

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggjast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsle har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdere om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

## Vurdering

Ein kan sjå behovet for å nytte helikopter i samband med jakt, der det ikkje er andre alternativ for å få ut felt hjort. I Buer landskapsvernområde er det derimot ikkje opna for motorferdsel for dette føremålet. Eit slikt løyve vil difor ha heimel i § 48 i naturmangfaldlova, som opnar for at det kan gis dispensasjon frå vernevedtaket. Slik dispensasjon skal ha ei restriktiv praksis der forvaltningsstyresmakta setjar vilkår som tar omsyn til verneføremålet og sikrar verneverdiane. Det er tidlegare gitt dispensasjon til søker for uttak av storvilt i Buer landskapsvernområde.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsle på denne tida av



året.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Isolert sett vil ikkje helikoptertransporten påverke verneverdiane nemneverdig, men då det er gitt fleire løyve til helikoptertransport i verneområdet, vil sum verknadane av desse føre til ei ytterlegare belastning av området. Den samla belastninga i området er likevel vurdert som avgrensa.

I høve Naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Helikopter er den forma for motorisert ferdsl som er mest aktuell og mest skånsam for naturen i dei tilfella der det er vanskeleg å nå felt hjort på annan måte.

Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrningar av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å flyging i helger og på heilagdaggar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrning av dyrelivet i området.

Naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) og §11 (kostnadene ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar) er vurdert, men ikkje funne relevant i denne saka.

Nasjonalparkstyret ønskjer at fleirårige løyve skal vurderast i løpet av styreperioden. Det er difor høve til å søkje om fleirårig løyve for ein 4 års periode.

Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Folgefonna nasjonalparkstyre innførte i 2012 køyrebokordning, denne skal leverast etter avslutta sesong kvart år, seinast 31. desember.





Arkivsaksnr: 2023/13981-0  
Sakshandsamar: Øystein Wallevik  
Dato: 22.09.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	31/23	06.10.2023

## Folgefonna nasjonalpark - skogrydding linjetrasé - Mosdal - Norsk Skogrydding AS

### Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre gjev løyve til skogrydding av eksisterande høgspennttrasé i Mosnes med heimel i § 48 i naturmangfaldlova. Nasjonalparkstyret vurderar dette som eit naudsynt tiltak som vil ha mindre innverknad på verneinteressene.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 1.10. – 1.12.2023
- Løyvet gjeld for rydding av eksisterande høgspennttrasé i Mosnes i Folgefonna nasjonalpark
- Løyvet gjeld ikkje bruk av motorisert transport
- Arbeidet skal gjennomførast så raskt og effektivt som råd, innan 1-2 veker frå oppstart av arbeidet
- Området skal ryddast i etterkant av arbeidet. Gjerne i samråd med grunneigarar skulle dei ønske å nytte seg av hugga vegetasjon.
- Like før arbeidsoppstart skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på epost [rune.mikkelsen@miljodir.no](mailto:rune.mikkelsen@miljodir.no) eller på telefon **907 73 117**

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i anna lovverk. Kontakt Etne kommune om dette. Grunneigarar skal gjerast merksam på arbeidet.

---

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



## Saksopplysningar

### SØKNAD OM DISPENSASJON FOR SKOGRYDDING AV EKSISTERANDE HØGSPENTTRASE

Norsk Skogrydding har fått kontrakt med FAGNE AS om skogrydding i deiras linjetrasèar. Me ser at linjetrasè i Åkrafjorden ved Mosnes kjem innanfor Folgefonna nasjonalpark. Arbeidet i Åkrafjorden er planlagt oppstarta i veke 40. Arbeidet som vert utført er felling og kvisting av trær som er byrja verte for nærme kraftlinjer. Me søkjer med det dispensasjon til å utføre den jobben.

(Sjå kart i saka)



## Vurdering

Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12, og eventuell dispensasjon gis i høve til naturmangfaldlova § 48.



Verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark verner i utgangspunktet området for inngrep i landskapet jf. § 3 1.1. Etter punkt 1.2 i same paragraf er desse reglane i punkt 1.1 ikkje til hinder for:

b)

1. *Drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg*

Frå forvaltningsplanen står det vidare at:

*«Vernereglane for nasjonalparken omtalar ikkje vedlikehald og drift av andre tekniske anlegg enn kraftanlegg (inkl. liner). Dersom det skulle vere aktuelt å gje løyve til slik aktivitet må dette vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova.»*

*«Naturmangfaldlova § 48 opnar for å gje dispensasjon når det ikkje er i strid med verneføremålet. Dette gjeld til dømes mindre tiltak som er viktige for søkjaren og vil ha mindre innverknad på verneinteressene»*

Naturmangfaldlova § 8-12:

Ein kan sjå behovet for å rydde trasén for kraftlinjene. Alle nettselskap i Noreg er pålagt av Direktoratet for Samfunnssikkerhet og Beredskap (DSB) å rydde skog ved straumlinjer. Det er opna for å gje dispensasjon til slikt arbeid gjennom naturmangfaldlova § 48.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved skogrydding i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert andre artar eller naturtypar som kan ta skade av skogryddinga på denne tida av året (databasane er sist sjekka 22.09.2023). Men det er klart at eit slikt inngrep i nasjonalparken vil kreve særskild dispensasjon.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Her er det naudsynt at ein unngår bruk av store hogstmaskiner som kan gjere større skade på området, og det er meldt frå Norsk Skogrydding si side at ingen motorisert transport skal nyttast. Arbeidet skal gjerast så effektivt som mogleg, med felling og kvisting samt rydding av området.

Skogrydding i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet. Derfor er det naudsynt at arbeidet gjerast så effektivt som mogleg, og at det ikkje arbeidast i helger og på heilagdager for å halde konfliktnivået på eit minimum.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastninga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.



Naturmangfaldlova § 48:

*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*

I dette høvet er det snakk om rydding og kvisting av yngre trær som har byrja å nærme seg kraftlinjene. Traséen som skal ryddast strekk seg over ein avstand på omtrent 325m, og forvaltar vurderer det til at dette er eit mindre tiltak som er nødvendig for å unngå framtidige brot på kraftlinjene, og som vil ha mindre innverknad på verneinteressene. Vidare vurdering er at det vil være av vesentleg samfunnsinteresse å unngå eit eventuelt brot på høgspenstraséen, då dette er den vanlegaste årsaken til strømbrot i Noreg. Det er likevel viktig å sørge for god rydding av vegetasjonen i etterkant, og gjerne avtale med grunneigar skulle dei ønske å overta hugga vegetasjon.





Arkivsaksnr: 2023/13980-0

Sakshandsamar: Lars Mikkjel Hus Kråkenes

Dato: 29.09.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	32/23	06.10.2023

## Folgefonna nasjonalpark - kjøre hundeslede - Monica Hundseid

### Innstilling frå forvaltar

*I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak*

Monica Hundseid får særskilt løyve til å kjøre hundeslede inn i Folgefonna nasjonalpark i samband med organisert turverksemd. Løyve er gitt med heimel i verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 5.2. For løyve gjeld følgande vilkår:

- Løyve gjeld i perioden 01.05.24 -15.07.24
- Løyve gjeld for inntil 2 turar dagleg (tur/retur) med start frå Fonna Sommarskiser, og med inntil 5 hundesledar per tur.
- All tilrettelegging og opphald for hundar skal skje utanfor nasjonalparken, på område peikt ut av Fonna Sommarskiser.
- Hundebæsj og anna eventuelt avfall skal plukkast opp og ikkje etterlatast inne i nasjonalparken.
- Det må visast omsyn til dyreliv og andre friluftslivsaktivitetar i området.

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje sett til side regler i anna lovverk. Høyr med Ullensvang kommune om dette. Tiltakshavar må i tillegg avklare med aktuelle reiselivsbedrifter og grunneigarar.

### Søknad


Monica Hundseid har søkt om løyve til å køyre hundeslede inne i nasjonalparken i samband med eit planlagt reiselivsinitiativ. Ho ønskjer å ta med turistar på hundekøyring i tidsrommet mai, juni og eventuelt halve juli i 2024, om føret tillet det. Planen er å ta med turistar på inntil

---

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



to turar dagleg (morgon og kveld) med inntil 5 hundesledar per tur. Tal på turar vil avhenge stort av ver og føre og interessa blant turistar. Ho har vore i kontakt med Fonna Sommarskisenter som har peikt ut ein stad til dei ca. 30 hundane på ein fjellknaus, litt til sides for skisenteret. Hundebæsj vil plukkast opp langs løypa.



Kart over basecamp (opphald for hundar) og tenkt løypetrasé med start nær Fonna Sommarskisenter.

## Verneforskrift og verneformål

Saka gjeld organisert ferdsel i Folgefonna nasjonalpark.

Søknaden må vurderast med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark samt Forvaltningsplanen. Nasjonalparken har som verneføremål å ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde. Samstundes skal allmennheten gis anledning til naturoppleving gjennom utøving av naturvennleg friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Ein aktivitet vert rekna som organisert når han krev ei viss planlegging, koordinering og leiing, har fleire enn 50 deltakarar, vert kunngjort på førehand eller har ei form for gjentaking (jf, Forvaltningsplanen).

Vernereglane § 3, punkt 5.1 og 5.2 for Folgefonna nasjonalpark seier følgjande om organisert ferdsel:

*5.1: All ferdsel og aktivitet skal vere omsynsfull og varsam slik at ein ikkje skadar natur eller kulturminne.*

*5.2: Organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt tillatelse av forvaltningsmyndigheten*



### Naturmangfaldlova

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynd, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## **Vurdering**

Ein kan sjå interessa for å tilby køyring av hundeslede på Folgefonna i samband med reiseliv. Forskrift for Folgefonna nasjonalpark opnar opp for at ein kan søke om særskilt løyve til slik organisert ferdsel, dersom det ikkje påverkar naturmiljøet negativt. Organisert ferdsel som ikkje er til skade på naturen kan betraktast som positivt da det gjer høve til naturoppleving i nasjonalparken og er ein næringsressurs for lokalsamfunna (jf, Forvaltningsplanen). Likevel kan kommersiell nytting av verneområde føre til auka press på både verneområda og randsona rundt.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved hundekøyning i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den organiserte ferdsla. Søkar vil ha base for hundane ved Fonna Sommarskisenter som ligg utanfor nasjonalparken. Hundebæsj etterlata på snøen er bae til sjenanse og forureining. Eit vilkår i løyve er difor at avføring ikkje ligg at i løypa, men er plukka opp så langt det lar seg gjere.

Etter Naturmangfaldlova § 10 skal samla belastning på naturmiljøet vurderast. Det er ikkje gitt fleirårig løyve. Det er heller ikkje gitt løyve til merking/utgraving av løype, og sidan køyring av hundeslede skjer på snøen/breen vil det ikkje gje slitasje på terrenget. Forvaltaren vurderer difor den samla belastninga i området som avgrensa.

Naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) og §11 (kostnadene ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar) er vurdert, men ikkje funne relevant i denne saka. Naturmangfaldlova § 12 om miljøforsvarlege driftsteknikkar er også lite relevant da det er hundekøyning i seg sjølv det søkast om.



**ST 33/23 Referatsaker**  
**ST 34/23 Delegerte saker**



**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Folgefonnsenteret  
Skålafjæra 17  
5470 Rosendal

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5557 2015  
sfvlpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Marta Espeland Riise v/Sauanuten Beitelag

Saksbehandler Lars Mikkjel Hus Kråkenes

Vår ref. 2023/13837-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 14.09.2023

## Delegert vedtak

Delegasjonssak

16/2023

# Delegert løyve - Folgefonna nasjonalpark - helikopter i samband med sauesanking - Sauanuten Beitelag

## Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak*

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.3 g) og f), gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Sauanuten Beitelag løyve til bruk av helikopter i samband med sauesanking i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for inntil 5 turar i tidsrommet 09.09 - 15.11.2023
- Løyvet gjeld berging av sau i skårfeste
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagrar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på epost [rune.mikkelsen@miljodir.no](mailto:rune.mikkelsen@miljodir.no) eller på telefon **907 73 117**
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan**
- **31.desember kvart år**. Merk med referanse: 2023/13837. Send gjerne på e-post til:
- [fmvlpost@statsforvalteren.no](mailto:fmvlpost@statsforvalteren.no)

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette.

## Søknaden

Søknad frå Marta Espeland Riise v/ Sauanuten Beitelag:

«Sauanuten Beitelag søker med dette om heilikopterløyve i samband med Sauesank og evt problemer med skorfeste om hausten. Gjeldande frå 9.sept og til ca 15.nov.

**Nasjonalpark** Folgefonna  
**Naturreservat** Langebudalen  
**Landskapsvernområde** Bondhusdalen, Buer, Hattebergsdalen, Ænesdalen



Området er kjent som vilt og værhardt, med svært skiftande vær. Skorfeste førekjem ofte. Og nokre gonger er det heilt nødvendig med helikopter for å få oversikta og for å koma rask på plass og hente dyra ut. Vi har tidlegare hatt eit fleireårig ståande løyve til eventuelt bruk. Dette er no utgått og vi søker med dette om eit nytt. Søker om ca 5 turar om hausten i 3 år framover.»

### **Verneforskrift og verneformål**

Saka gjeld motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark. Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.1 står det at «Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter».

Verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark har eit generelt forbod mot motorisert ferdsle etter § 3 pkt 6.1. Det er opning i § 3 punkt 6.3 for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

*b) motorferdsel i samband med husdyrhald.*

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

#### Naturmangfaldlova § 8-12:

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdere om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

### **Vurdering**

Ein kan sjå behovet for å få berga sau i skårfeste, og det er opna for å gje løyve til motorferdsel for dette føremålet i verneforskrifta. Transporten skal gå føre seg med helikopter for å unngå slitasje på terreng.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 11.09.2023).

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som



er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle transportformene, og begge er skånsame for terrenget.

Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konflikstar med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre i helger og på heilagdaggar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastinga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Nasjonalparkstyret ynskjer at fleirårige løyve skal vurderast i løpet av styreperioden (2020 - 2023). Det er difor høve til å søkje om fleirårig løyve for ein 4 års periode. Sidan eit fleirårig løyve ikkje vil følgje styreperioden har forvaltaren i denne omgang kun gitt løyve for inneverande år.

Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Folgefonna nasjonalparkstyre innførte i 2012 køyrebokordning, denne skal leverast etter avslutta sesong kvart år, seinast 31. desember

### Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Lars Mikkjel Hus Kråkenes  
Nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Køyrebok - Folgefonna nasjonalparkstyre

Kopi til:

Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
SNO Rosendal			
Statsforvaltaren i Vestland			
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA





**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

Referanse (20xx/xxx)

År

## KØYREBOK

Alle som har løyve for bruk av motorkjøretøy etter verneforskriftene for verneområda på Folgefonnhalvøya skal føre køyrebok der dato, trasé/transportformål og underskrift viser. (Gjeld: Folgefonna NP, Bondhusdalen LVO, Ænesdalen LVO, Hattebergsdalen LVO, Buer LVO, Langebudalen NR)

Føraren av køyretøyet skal fylle ut køyreboka før turen tek til for at køyringa blir rekna for å vere i samsvar med løyvet. Brot på vilkår, forskrifter eller lover medfører straffeansvar.

Tur/ retur nr.	Trasé/transportformål	Dato	Underskrift
1			
2			
3			
4			
5			
6			
7			
8			
9			
10			

Sett kryss dersom løyvet ikkje er nytta

Namn: ..... Tlf:.....

Stad:..... Dato:.....

.....  
UNDERSKRIFT

Skjema sendast inn etter endt sesong.

Det kan skannast/fotograferast og sendast til [sfv/post@statsforvalteren.no](mailto:sfv/post@statsforvalteren.no),

eller sendast per post til: Statsforvaltaren i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger.



**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Folgefonnssenteret  
Skålafjæra 17  
5470 Rosendal

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5557 2015  
svf/post@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

ODDA/ULLENSVANG TURLAG  
Postboks 366  
5751 ODDA

Saksbehandlar Lars Mikkjel Hus Kråkenes

Vår ref. 2019/4172-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 06.09.2023

## Delegert vedtak

Delegasjonssak

14/2023

# Folgefonna nasjonalpark - Ekstra turar med helikopter til vedlikehald på Holmaskjer turisthytte - Odda/Ullensvang turlag - Folgefonna nasjonalparkstyre

## Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak*

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.3 g) og f), gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Odda/Ullensvang turlag løyve til bruk av helikopter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet for inntil 3 ekstra turar med helikopter gjeld i tidsrommet 05.09 - 1.10.2023
- Løyvet gjeld for transport av pipe og vedomn til vedlikehald av turisthytta Holmaskjer.
- Alt avfall skal fraktast ut av området og ikkje brennast på plassen.
- Transporten skal om mogleg skje utanom sundager og heilagdagar.
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post [rune.mikkelsen@miljodir.no](mailto:rune.mikkelsen@miljodir.no) eller på telefon **907 73 117**
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember kvart år**. Merk med referanse: 2019/4172. Send gjerne på e-post til: [fmv/post@statsforvalteren.no](mailto:fmv/post@statsforvalteren.no)

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette.

Nasjonalpark Folgefonna  
Naturreservat Langebudalen  
Landskapsvernområde Bondhusdalen, Buer, Hattebergsdalen, Ænesdalen



## Søknaden

Odda/Ullensvang turlag ynskjer hausten 2023 å skifte ut pipe og vedomn på Holmaskjer turisthytte. I samband med dette arbeidet vert det naudsynt å nytte helikopter til transport av materiell og handverkarar. Det er tidlegare gitt fleirårige løyve til fire turar med helikopter for vanleg drift og vedlikehald av Holmaskjer turisthytte. Odda/Ullensvang turlag har enno ikkje nytta helikopterløyva dette året, men meiner dei treng inntil sju turar i samband med utskifting av vedomn og pipe. Dei søker difor om tre ekstra turar med helikopter.

Det er planlagt ca. tre dagar til arbeidet, med helikoptertransport to av dagane. Den eine dagen vert det transport av materiell, utstyr og fire handverkarar. Dei reknar to-tre turar med hiv fyrste dagen. Etter arbeidet er utført vert det frakta inn personell til vask av turisthytta samstundes som avfall knytt til arbeidet vert frakta ut. Helikopteret flyg frå Statens vegvesen på Eitheim i Odda opp dalen til Holmaskjer turisthytte

## Verneforskrift og verneformål

Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I høve til vernereglane er desse ikkje til hinder for vedlikehald av eksisterande bygningar og dette er ikkje søknadspiktig, jf. Forvaltningsplanen. Endring av utsjånad, form, storleik og bruk er ikkje tillate utan løyve.

Denne saka er vurdert til å omhandle løyve til motorferdsel.

I Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.1 står det at «*Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter*».

Verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark har eit generelt forbod mot motorisert ferdsle etter § 3 pkt 6.1. Det er opning i § 3 punkt 6.3 for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

f) *Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus og liknande.*

g) *Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport i samband med drift av turisthytter.*

## Naturmangfaldlova § 8-12:

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsle har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdere om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.



## Vurdering

Ein kan sjå behovet for å få transportert inn material og utstyr i samband med drift og vedlikehald av turisthytter, og det er opna for å gje løyve til denne type motorferdsel i verneforskrifta. Transporten skal gå føre seg med snøskuter på vinteren eller med helikopter for å unngå slitasje på terreng. Odda/Ullensvang turlag har allereie eit fleirårig løyve som dekker fire turar årleg med helikopter og åtte turar årleg med snøskuter for å drifte og vedlikehalde turisthytta Holmaskjer.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 04.09.2023).

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Helikopter som aktuell transportform, er skånsam for terrenget.

Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrningar av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet. Bålbrenning er skjemmande og kan gje skade på dei glattskurte berga rundt hytta. Det er heller ikkje tillate å brenne ureina masser. Difor skal alt avfall frå vedlikehaldsarbeidet fraktast ut av området for avfallshandtering. Om det er reine massar (trevirke utan impregnering eller maling) kan desse kappast opp og brennast i ovnen.

Det er viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdaggar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrning av dyrelivet i området. Motorisert persontransport er forbode i verneområdet, jf. Forvaltningsplanen.

Forvaltaren har i dette tilfelle vurdert persontransport som naudsynt i samband med arbeidet det er søkt løyve for. Det vil ved transport av handtverkarar også fraktast mindre utstyr og materiell. Persontransporten knytt til vask av hytta vil skje samstundes som avfall vert frakta ut. Persontransport anses i dette området for å vere særleg naudsynt då Holmaskjer turisthytte ikkje ligg lett tilgjengeleg.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastninga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Folgefonna nasjonalparkstyre innførte i 2012 køyrebokordning, denne skal leverast etter avslutta sesong kvart år, **seinast 31.desember**

## Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.



Med hilsen

Lars Mikkjel Hus Kråkenes  
nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Køyrebok - Folgefonna nasjonalparkstyre

Kopi til:

Ullensvang kommune

SNO Rosendal

Statsforvaltaren i Vestland

Opheimsgt. 31

Njøsavegen 2

5750

6863

ODDA

LEIKANGER



**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

Referanse (20xx/xxx)

År

## KØYREBOK

Alle som har løyve for bruk av motorkjøretøy etter verneforskriftene for verneområda på Folgefonnhalvøya skal føre køyrebok der dato, trasé/transportformål og underskrift viser. (Gjeld: Folgefonna NP, Bondhusdalen LVO, Ænesdalen LVO, Hattebergsdalen LVO, Buer LVO, Langebudalen NR)

Føraren av køyretøyet skal fylle ut køyreboka før turen tek til for at køyringa blir rekna for å vere i samsvar med løyvet. Brot på vilkår, forskrifter eller lover medfører straffeansvar.

Tur/ retur nr.	Trasé/transportformål	Dato	Underskrift
1			
2			
3			
4			
5			
6			
7			
8			
9			
10			

Sett kryss dersom løyvet ikkje er nytta

Namn: ..... Tlf:.....

Stad:..... Dato:.....

.....  
UNDERSKRIFT

Skjema sendast inn etter endt sesong.

Det kan skannast/fotograferast og sendast til [sfv|post@statsforvalteren.no](mailto:sfv|post@statsforvalteren.no), eller sendast per post til: Statsforvaltaren i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger.



**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Folgefonnssenteret  
Skålafjæra 17  
5470 Rosendal

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5557 2026  
sfvlpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Peder Fureberg  
Sunndalsvegen 50  
5476 MAURANGER

Saksbehandlar Øystein Wallevik

Vår ref. 2023/11849-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 16.08.2023

## Delegert vedtak

Delegasjonssak

# Delegert løyve - Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsel - Uttransport av hjort i Furebergsdalen - Peder Fureberg

## Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:*

Med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.3 e), gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Peder Fureberg fleirårig løyve til bruk av helikopter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for åra 2023, 2024 og 2025
- Løyvet gjeld i tidsrommet 01.09 – 01.11. kvart år
- Løyvet gjeld for inn til 3 turar og inn til 3 hiv kvart år
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdaggar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på epost [rune.mikkelsen@miljodir.no](mailto:rune.mikkelsen@miljodir.no) eller på telefon **907 73 117**
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember**. Merk med referanse: 2023/11849-0. Send gjerne på e-post til: [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette.


**Nasjonalpark** Folgefonna  
**Naturreservat** Langebudalen  
**Landskapsvernområde** Bondhusdalen, Buer, Hattebergsdalen, Ænesdalen



## Søknaden

Peder Fureberg søker om løyve til å fly ut felt hjort dei neste tre åra frå jaktfeltet sitt i Furebergsdalen i Folgefonna nasjonalpark i perioden 01.09. til 23.12. Jaktlaget har fjorten dyr å skyte ut og ønskjer å ta ut mest mogleg av kvota og ønskjer difor å bruke heile terrenget til jakt. Det er ofte fleire dyr som vert skotne på kvar jakt dag og på grunn av det vanskelege terrenget vert det vanskeleg og krevjande å få ned fleire dyr på ein dag. For å behalde kjøtkvaliteten ønskjer dei difor å nytte helikopter for å frakte ut dyra. Dei har søkt om 2-5 turar med 1-3 hiv kvart år.

Terrenget visast på kart under:







## Verneforskrift og verneformål

Saka gjeld motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark.

Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.1 står det at «*Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter*».

Verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark har eit generelt forbod mot motorisert ferdsle etter § 3 pkt 6.1. Det er opning i § 3 punkt 6.3 for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

e) *Motorferdsel for uttransport av felt storvilt.*

I forvaltningsplanen står det at utstrakt bruk av helikopter til uttransport av felt hjortevilt er i strid med verneføremålet, og ein vil difor føre ein restriktiv praksis i å gje slike løyve. Det må gjerast ei konkret vurdering opp mot mål i bestandsplanar, og om dyra like gjerne kan fellast ein annan stad i valdet, utanfor nasjonalparken.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Naturmangfaldlova § 8-12: Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdere om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

## Vurdering

Ein kan sjå behovet for å få flydd ut felt hjort i Furebergsdalen. Det er lagt opp til ein streng praksis når det kjem til å gje løyve til uttransport av felt hjort. I dette tilfellet ligg store delar av jaktfeltet innanfor vernegrensa og det er eit stort antall dyr som skal fellast. Jakta er tenkt løyst på færrest moglege dagar og med jaktlag som jaktar i lag for å sikre ein effektiv avskyting. Forvaltar vurderer det som vanskeleg å hente ut så mange dyr utanfor verneområdet sine grenser. Som følgje av ein telefonsamtale med Peder Fureberg (16.08.2023) er det i praksis ikkje behov for å hente ut vilt med helikopter etter 31. oktober. Dette fordi det vert tidlegare mørkt og at jaktlaget ikkje jaktar like høgt til fjells. Forvaltar ser difor inga grunn til å gje løyve heilt fram til 23. desember kvart år.

Ved vurdering av søknaden har forvaltar lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 16.08.2023).



I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle transportformene, og begge er skånsame for terrenget. Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet.

Det er difor viktig å setje ei grense for antal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdagrar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastninga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Nasjonalparkstyret har ynskt at fleirårige løyve skal vurderast i løpet av styreperioden. Det er difor høve til å gje løyve om fleirårig uttak av hjortevilt i Furebergsdalen for denne perioden frå 2023-2025. Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Folgefonna nasjonalparkstyre innførte i 2012 ei køyrebokordning, og denne skal leverast etter avslutta sesong kvart år, **seinast 31. desember**.

### Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med hilsen

Øystein Wallevik  
nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Kvinnherad kommune  
SNO Rosendal  
Statsforvaltaren i Vestland

Rosendalsvegen 10  
Njøsavegen 2

5470 ROSENDAL  
6863 LEIKANGER



**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Folgefonnssenteret  
Skålafjæra 17  
5470 Rosendal

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5557 2026  
sflvpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

EINAR RIISE  
Sandvin 24  
5750 ODDA

Saksbehandlar Øystein Wallevik

Vår ref. 2023/13537-0

Dykkar ref.

Dato 05.09.2023

## Delegert vedtak

Delegasjonssak	13/2023
----------------	---------

# Delegert løyve - Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsel - Sandvinsstølen - Vierdal - Helikopter - Einar Riise

## Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:*

Med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.3 f), gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Einar Riise løyve til bruk av helikopter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 05.09. - 13.10.2023
- Løyvet gjeld for transport av material, proviant og utstyr i samband med vedlikehald/reparasjon av hegne i samband med stølshus
- Løyvet gjeld for inntil 3 turar t/r frå Sandvin til Sandvinsstølen i Vierdal
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdaggar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post [rune.mikkelsen@miljodir.no](mailto:rune.mikkelsen@miljodir.no) eller på telefon **907 73 117**
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember 2023**. Merk med referanse: 2023/13537. Send gjerne på e-post til: [folgefonna@statsforvalteren.no](mailto:folgefonna@statsforvalteren.no)

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette.

**Nasjonalpark** Folgefonna  
**Naturreservat** Langebudalen  
**Landskapsvernområde** Bondhusdalen, Buer, Hattebergsdalen, Ænesdalen



## Søknaden

Einar Riise søker om løyve til 5 turar med helikopter til Sandvinsstøen i Vierdal for å reparere hegna etter hard medfart av snø gjennom vinteren som var. Han treng derfor nye staur/materiell til reparasjon av sankehegne. Søkjar treng også material og utstyr til anna arbeid som skal gjerast på stølen.

## Verneforskrift og verneformål

Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I høve til vernereglane er desse ikkje til hinder for vedlikehald av eksisterande bygningar og dette er ikkje søknadspliktig, jf. Forvaltningsplanen. Endring av utsjånad, form, storleik og bruk er ikkje tillate utan løyve.

Denne saka er vurdert til å omhandle løyve til motorferdsel.

I Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.1 står det at «*Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter*».

Verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark har eit generelt forbod mot motorisert ferdslø etter § 3 pkt 6.1. Det er opning i § 3 punkt 6.3 for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

*f) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus og liknande.*

## Naturmangfaldlova § 8-12:

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggjast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdere om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

## Vurdering

Ein kan sjå behovet for å få transportert inn material og utstyr i samband med reparasjon av hegna og anna arbeid i samband med stølsdrift på Sandvinsstølen. Det er opna for å gje løyve til denne type motorferdsel i verneforskrifta. Transporten skal gå føre seg med helikopter for å unngå slitasje på terreng.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneformålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje



registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 04.09.2023).

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle transportformene, og begge er skånsame for terrenget. Søkar viser til at grunna utfordrande terreng er det helikopter som er mest høveleg.

Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdaggar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området. Det er etter telefonsamtale med Riise (05.09.2023) konkludert med at 3 turar bør halde, og det er difor gitt løyve til 3 turar med helikopter t/r.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastninga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Køyreboka skal leverast etter avslutta sesong kvart år, **seinast 31. desember**.

### Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med hilsen

Øystein Wallevik  
nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Ullensvang kommune  
Statsforvaltaren i Vestland  
SNO Rosendal

Opheimsgt. 31  
Njøsavegen 2

5750  
6863

ODDA  
LEIKANGER



**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

Referanse (20xx/xxx)

År

## KØYREBOK

Alle som har løyve for bruk av motorkjøretøy etter verneforskriftene for verneområda på Folgefonnhalvøya skal føre køyrebok der dato, trasé/transportformål og underskrift viser. (Gjeld: Folgefonna NP, Bondhusdalen LVO, Ænesdalen LVO, Hattebergsdalen LVO, Buer LVO, Langebudalen NR)

Føraren av køyretøyet skal fylle ut køyreboka før turen tek til for at køyringa blir rekna for å vere i samsvar med løyvet. Brot på vilkår, forskrifter eller lover medfører straffeansvar.

Tur/ retur nr.	Trasé/transportformål	Dato	Underskrift
1			
2			
3			
4			
5			
6			
7			
8			
9			
10			

Sett kryss dersom løyvet ikkje er nytta

Namn: ..... Tlf:.....

Stad:..... Dato:.....

.....  
UNDERSKRIFT

Skjema sendast inn etter endt sesong.

Det kan skannast/fotograferast og sendast til [sfv|post@statsforvalteren.no](mailto:sfv|post@statsforvalteren.no), eller sendast per post til: Statsforvaltaren i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger.



**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Folgefonnssenteret  
Skålafjæra 17  
5470 Rosendal

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5557 2026  
sfvlpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Saksbehandler Øystein Wallevik

Vår ref. 2023/14833-0

Dykkar ref. «REF»

Dato 29.09.2023

## Delegert vedtak

Delegasjonssak	18/2023
----------------	---------

# Delegert løyve - Motorferdsel - Folgefonna nasjonalpark - Mosnes - Helikopter - Skift av transformator - Fagne

## Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:*

Med heimel i § 48 i Naturmangfaldlova, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Fagne løyve til bruk av helikopter for nyttetransport av transformator i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 28.09 – 06.10.2023
- Løyvet gjeld for transport av transformator, utstyr og reparasjonspersonell i samband med straumbrot på høgspenmast på Mosnes i Folgefonna nasjonalpark
- Løyvet gjeld for inntil 2 turar og 2 hiv og kan også nyttast i helg for å få skifta transformator snarast
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på epost [rune.mikkelsen@miljodir.no](mailto:rune.mikkelsen@miljodir.no) eller på telefon **907 73 117**
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre innan **31. desember 2023**. Merk med referanse: 2023/14833. Send gjerne på e-post til: [folgefonna@statsforvalteren.no](mailto:folgefonna@statsforvalteren.no)


Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Etne kommune om dette.

Nasjonalpark Folgefonna  
Naturreservat Langebudalen  
Landskapsvernområde Bondhusdalen, Buer, Hattebergsdalen, Ænesdalen



## Søknaden

Fagne søker om å få fly inn på Mosnes i Etne kommune i Folgefonna nasjonalpark for å skifte ein øydelagd transformator i ei høgspenmast i litt utfordrande terreng som har forårsaka eit straumbrot i området. Områda Mosnes og Glåmo er råka, og høgspenmasten ligg like innafor nasjonalparkgrensa (sjå kart i saka).







## Verneforskrift og verneformål

Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.1 står det at «*Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter*».

Vernereglane for nasjonalparken er ikkje til hinder for drift og vedlikehald av energi- og kraftanlegg, jf. pkt. 1.2 b) og 1.3 j) i Forskrifta. Men vernereglane for nasjonalparken omtalar ikkje vedlikehald og drift av andre tekniske anlegg enn kraftanlegg (inkl. liner).

Frå Forvaltningsplanen står det: «*Naturmangfaldlova § 48 opnar for å gje dispensasjon når det ikkje er i strid med verneføremålet. Dette gjeld til dømes mindre tiltak som er viktige for søkjaren og vil ha mindre innverknad på verneinteressene.*»

Eit eventuelt løyve må altså ha heimel i § 48 i Naturmangfaldlova:

*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*

### Naturmangfaldlova § 8-12:

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggjast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdere om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

## Vurdering

Ein kan sjå behovet for å få skifta transformatoren i høgspentmasta så fort som råd for å hindre at folk står utan straum. Det er i utgangspunktet ikkje åpna for å gje dispensasjon til slikt arbeid etter forskriftene, og eit eventuelt løyve må difor ha heimel i § 48 i Naturmangfaldlova. Forvaltar vurderer det til at ein bør gjere eit unntak frå vernevedtaket i dette høvet då verneverdiane ikkje påverkast nemneverdig, samt at ein bør ta hensyn til samfunnsinteressene ved straumbrot. Forvaltningsplanen seier også at «*kraftselskap må kunne drive og halde anlegg og tilkomstvegar ved like på ein rasjonell måte*», og forvaltar vurderer det til at rasjonalitet også bør gjelde i dette høvet.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje



registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 29.09.2023).

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle transportformene, og begge er skånsame for terrenget. Søkar viser til at grunna utfordrande terreng, samt behovet for å få reparert så fort som mogleg, er det helikopter som er mest høveleg.

Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrningar av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdaggar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrning av dyrelivet i området. Det er likevel eit anna behov i dette høvet for å få skifta transformator så fort som mogleg, og det er difor forståeleg om dette må gjerast i helg då ein er avhengig av vær for å kunne fyke. Fagne har fått eit maksimalt antal av to turar med ikkje meir enn to hiv.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastninga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

### Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med hilsen

Øystein Wallevik  
nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Køyrebok - Folgefonna nasjonalparkstyre

Kopi til:

SNO Rosendal

Etne kommune

Statsforvaltaren i Vestland

Sjoarvegen 2

Njøsavegen 2

5590

6863

ETNE

LEIKANGER





**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

Referanse (20xx/xxx)

År

## KØYREBOK

Alle som har løyve for bruk av motorkjøretøy etter verneforskriftene for verneområda på Folgefonnhalvøya skal føre køyrebok der dato, trasé/transportformål og underskrift viser. (Gjeld: Folgefonna NP, Bondhusdalen LVO, Ænesdalen LVO, Hattebergsdalen LVO, Buer LVO, Langebudalen NR)

Føraren av køyretøyet skal fylle ut køyreboka før turen tek til for at køyringa blir rekna for å vere i samsvar med løyvet. Brot på vilkår, forskrifter eller lover medfører straffeansvar.

Tur/ retur nr.	Trasé/transportformål	Dato	Underskrift
1			
2			
3			
4			
5			
6			
7			
8			
9			
10			

Sett kryss dersom løyvet ikkje er nytta

Namn: ..... Tlf:.....

Stad:..... Dato:.....

.....  
UNDERSKRIFT

Skjema sendast inn etter endt sesong.

Det kan skannast/fotograferast og sendast til [sfv|post@statsforvalteren.no](mailto:sfv|post@statsforvalteren.no),

eller sendast per post til: Statsforvaltaren i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger.



**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Folgefonnssenteret  
Skålafjæra 17  
5470 Rosendal

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5557 2026  
sfvlpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Norges Geologiske Undersøkelse  
Postboks 6315 Torgarden  
7491 TRONDHEIM

Saksbehandlar Øystein Wallevik

Vår ref. 2023/12441-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 15.08.2023

## Delegert vedtak

Delegasjonssak

10/2023

# Delegert løyve - Folgefonna nasjonalpark - Buer landskapsvernområde - Motorferdsel - Helikopterlandinger - NGU

## Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak*

Med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 4 og Forskrift av Buer landskapsvernområde § 4 og Naturmangfaldlova § 48, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Norges Geologiske undersøkingar (NGU) løyve til bruk av helikopter for lågtflyging og landing for kartlegging av store fjellskred og ustabile fjellparti i Folgefonna nasjonalpark og Buer landskapsvernområde. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 30.08.- 04.09.2023
- Løyvet gjeld for 2 landingar for kvart av målepunkta Hersetenuten og Ridbjørg i og like ved Folgefonna nasjonalpark, samt 4 landingar på målepunktet Reinanuten i Buer landskapsvernområde (sjå kart i saka)
- Dersom løyvet for 4 landingar på Reinanuten skal gjelde må NGU undersøke begge skredobjekta ved Reinanuten innanfor gitt tidsrom, ellers gjeld 2 landingar
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdaggar
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på epost [rune.mikkelsen@miljodir.no](mailto:rune.mikkelsen@miljodir.no) eller på telefon **907 73 117**
- Det skal førast køyrebok som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten ilag med løyvet
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre innan 31. desember. Merk med referanse: 2023/12441-0 432.3. Send gjerne på e-post til: [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette.

**Nasjonalpark** Folgefonna  
**Naturreservat** Langebudalen  
**Landskapsvernområde** Bondhusdalen, Buer, Hattebergsdalen, Ænesdalen




## Søknaden

NVE har det overordna ansvaret for statlege forvaltingsoppgåver knytt til førebygging av skredulukker. På oppdrag frå NVE utfører Norges Geologiske Undersøkelse (NGU) kartlegging av store fjellskred og ustabile fjellparti i Noreg. NGU søker om dispensasjon frå verneforskrifta for bruk av helikopter til lågtflyging og landing på Reinanuten i Buer landskapsvernområde, Hersetenuten i Folgefonna nasjonalpark og landing på Ridbjørg like ved Folgefonna nasjonalpark.

Landingane er skildra i detalj under og inneheld også ei skildring av 2 landingar på Osmundsneset i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Desse landingane har NGU allereie fått løyve for:

Sted	Landingar	Easting	Northing	Ca start	Ca slutt
Hersetenuten	2	362993	6682583	30.08.2023	04.09.2023
Ridbjørg	2	361965	6666320	30.08.2023	04.09.2023
Reinanuten	4	358383	6658274	30.08.2023	04.09.2023
Osmundsneset	2	343329	6853267	<b>4.09.2023</b>	<b>08.09.2023</b>





## Verneforskrift og verneformål

Saka gjeld motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark og Buer landskapsvernområde. Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og Forskrift om vern av Buer landskapsvernområde og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.1 står det at «Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter». I Forskrift om vern av Buer landskapsvernområde er motorisert ferdsel forbode, etter § 3, punkt 5.1.

Ingen av verneområda har opna for å gje løyve til motorferdsel til forskingsføremål og løyve må difor vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen gitt i naturmangfaldlova § 48. I forvaltningsplanen gjeld desse retningslinene for forskning:

### «Retningsliner

- *Forskning og undervising som vert lagt til verneområda skal ta omsyn til verneføremålet.*
- *Forskningsprosjekt som krev dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldlova skal utførast av instans med relevant forskingskompetanse.*
- *Forskningsprosjekt som vil medføre motorferdsel eller inngrep vert generelt frårådd, men må vurderast i kvart enkelt tilfelle.*
- *Forsknings- og undervisningsopplegg som like gjerne kan gjennomførast utanfor verneområda, bør visast dit.»*

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

### Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggjast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdere om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

## Vurdering

Ein kan sjå behovet for helikoptertransport for å kartlegge fjellparti inne i verneområda. Kartlegginga av store fjellskred og ustabile fjellparti er ein del av eit større arbeid som gjeld fleire fjelltoppar og det vil lette arbeidet i stor grad å nytte helikopter. Saka må vurderast etter § 48 (dispensasjon frå vernevedtak) i naturmangfaldlova som seier at nasjonalparkstyret kan gjera unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemnande, eller dersom tryggleikssyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt. I dette tilfellet vil ikkje motorferdsla ha stor



verknad på verneføremåla eller føre til ein vesentleg negativ påverknad av verneverdiane. Det er stor aktivitet av besøkande på den tida det er søkt om å kartlegge og særleg på Reinanuten kan ein vente at det kjem til å vere turgåarar som vert berørte. Etter ein telefonsamtale med NGU (15.08.2023) vart det avklart at søknaden ber om eit løyve på 4 landingar på Reinanuten for å kartlegge 2 skredobjekt, og løyvet på 4 landingar vert gitt med atterhald om at begge skredobjekta vert undersøkt. Ellers gjeld løyvet kun for 2 landingar for å hindre unødig ferdsel.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 15.08.2023).

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrningar av dyreliv og konflikthar med friluftslivet.

Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdaggar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrning av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastninga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Forvaltaren meiner at desse undersøkingane som skal gjennomførast er viktige av tryggleikssyn, og vil kunne gje nyttig informasjon både for forskarar og forvaltningsstyresmakta. Krava for å gje løyve etter § 48 i naturmangfaldlova er oppfylt. Forvaltaren gir difor løyve etter delegeringsreglementet for Folgefonna nasjonalparkstyre vedteke 29.05.2017.

### **Informasjon om klage**

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Øystein Wallevik  
nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent





Kopi til:

Ullensvang kommune  
Statsforvaltaren i Vestland  
SNO Rosendal

Opheimsgt. 31  
Njøsavegen 2

5750  
6863

ODDA  
LEIKANGER



**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Folgefonnssenteret  
Skålafjæra 17  
5470 Rosendal

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5557 2135  
sfvlpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Lars Kjetil H Reisæter  
Reisetevegen 124  
5776 Nå

Saksbehandlar Astrid Bakke Haavik

Vår ref. 2023/5711-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 14.04.2023

## Delegert vedtak

Delegasjonssak	3/2023
----------------	--------

# Løyve til transport med snøskuter i Folgefonna nasjonalpark 2023

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.3 b), gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Lars Kjetil Hagen Reisæter løyve til bruk av snøskuter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 15.04. - 01.05.2023
- Løyvet gjeld for transport av saltstein til beiteområda og material, proviant og utstyr til stølshus
- Løyvet gjeld for 3 turar (sjå kart i saka):
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdaggar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post [rune.mikkelsen@miljodir.no](mailto:rune.mikkelsen@miljodir.no) eller på telefon **907 73 117**
- Det skal førast køyrebok som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 15.juni kvart år** Merk med referanse: 2023/5711. Send gjerne på e-post til: [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette.

## Søknaden

Rute er frå Dravladal opp til skisenteret inn på Fonna ned bak Verafjell ned Vetlenuten til Revavatnet og til hytto ved Holmavatnet. Skal transportera saltstein, beis, vindu og anna proviant. Søker om løyve for 3 turar i tidsrommet mars - april. Reg nr på skuter PP 6519

Nasjonalpark Folgefonna  
Naturreservat Langebudalen  
Landskapsvernområde Bondhusdalen, Buer, Hattebergsdalen, Ænesdalen



Traseane som blir brukte går fram av vedlagte kart.



## Lovheimel:

Saka gjeld motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark.

Søknaden må vurderast etter *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.1 står det at «*Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter*».

Verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark har eit generelt forbod mot motorisert ferdsle etter § 3 pkt 6.1. Det er opning i § 3 punkt 6.3 for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- b) motorferdsel i samband med husdyrhald.



I følge forvaltningsplanen for Folgefonna nasjonalpark er nødvendig transport i samband med husdyrhald: Å frakte utstyr til bruk i næringa, t.d. saltsteinar, gjerdemateriell, materialar for vedlikehald av tilsynsbuer og stølshus og proviant til slike.

Frå Forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark: «*Løyve til bruk av beltekjøretøy på snø eller helikopter kan verte gjeve i samband med drift av turisthytter (forsyningar av matvarer og brensel), men slik transport skal haldast på eit minimum. Motorisert persontransport er ikkje tillate.*»

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

#### Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggjast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdere om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

#### **Vurdering etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12:**

Ein kan sjå behovet for å få køyrt inn utstyr i samband med husdyrhald i området/i samband med drift og vedlikehald av hytter og stølshus, og det er opna for å gje løyve til denne type motorferdsel i verneforskrifta. Transporten skal gå føre seg med snøskuter på vinteren eller med helikopter for å unngå slitasje på terreng.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneformålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følge Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 18.03 2022).

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle transportformene, og begge er skånsame for terrenget. Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrring av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet.

Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdagdar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastninga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Nasjonalparkstyret ynskjer at fleirårige løyve skal vurderast i løpet av styreperioden. Det er difor høve til å søkje om fleirårig løyve for ein 4 års periode. Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet og køyreboka må sendast inn etter kvar sesong **seinast 31. desember**.



### Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med hilsen

Astrid Bakke Haavik  
nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland  
Ullensvang kommune  
Statens Naturoppsyn

Njøsavegen 2  
Opheimsgt. 31  
Postboks 5672 Sluppen

6863 LEIKANGER  
5750 ODDA  
7485 TRONDHEIM



**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

Referanse (20xx/xxx)
År

## KØYREBOK

Alle som har løyve for bruk av motorkjøretøy etter verneforskriftene for verneområda på Folgefonnhalvøya skal føre køyrebok der dato, trasé/transportformål og underskrift viser. (Gjeld: Folgefonna NP, Bondhusdalen LVO, Ænesdalen LVO, Hattebergsdalen LVO, Buer LVO, Langebudalen NR)

Føraren av køyretøyet skal fylle ut køyreboka før turen tek til for at køyringa blir rekna for å vere i samsvar med løyvet. Brot på vilkår, forskrifter eller lover medfører straffeansvar.

Tur/ retur nr.	Trasé/transportformål	Dato	Underskrift
1			
2			
3			
4			
5			
6			
7			
8			
9			
10			

Sett kryss dersom løyvet ikkje er nytta

Namn: ..... Tlf:.....

Stad:..... Dato:.....

.....  
UNDERSKRIFT

Skjema sendast inn etter endt sesong.

Det kan skannast/fotograferast og sendast til [svlpost@statsforvalteren.no](mailto:svlpost@statsforvalteren.no),

eller sendast per post til: Statsforvaltaren i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger.



**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Folgefonnenteret  
Skålafjæra 17  
5470 Rosendal

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5557 2135  
sfvlpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Saksbehandler Astrid Bakke Haavik

Vår ref. 2023/7269-0 432.3

Dykkar ref. «REF»

Dato 16.05.2023

## Delegert vedtak

Delegasjonssak	6/2023
----------------	--------

# Løyve til motorferdsel med helikopter til Støladalen, Holmaskjer og Reinanuten i Buer landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i *Forskrift om vern av Buer landskapsvernområde* og naturmangfaldlova § 48 , gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Odda/Ullensvang turlag løyve til bruk av helikopter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 01.06.–29.09.2023
- Løyvet gjeld for transport av material til vedlikehald, skilting og oppattbygging av vardar på Reinanuten og på punkt langs Ridestien Tokheim-Holmaskjer
- Løyvet gjeld for inn til 6 turar t/r
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagdar
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post [rune.mikkelsen@miljodir.no](mailto:rune.mikkelsen@miljodir.no) eller på telefon **907 73 117**
- Det skal først køyrebok som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal først i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember kvart år** Merk med referanse: 2023/7269. Send gjerne på e-post til: [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette.

## Søknad

Nasjonalpark Folgefonna  
Naturreservat Langebudalen  
Landskapsvernområde Bondhusdalen, Buer, Hattebergdalen, Ænesdalen



Odda og Ullensvang turlag søker om motorferdsel for å drive vedlikehold av stiar dei drifter i Buer landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark. Traseane det gjeld er:

1. Frå Odda til Støladalen og Holmaskjera.  
Føremål: Vedlikehold av to nødbuer, skilting og reetablering av varde. Skal frakte: Skilt og skiltstenger. Verktøy, blant annet en bensindrevet boremaskin. Maling til 2 nødbuer. Mannskap. Det er mangelfull skilting og uensartet. Eksisterende skilt skal skiftes ut og det er behov for noen nye. Opplysningen og sikkerheten for turgåande vil bli bedre. Estetisk vil det også få en oppgradering, skilt og stolper vil bli ensartet. Det hele vil bli bedre inn i naturen.
2. Frå Buer til Reinanuten  
Føremål: Bygge opp varde. Varden på toppen er rast ned etter å ha blitt truffet av lyn. Varden skal reetableres med stedlig materiale fra eksisterende varde. Materiale til å bygge opp varde. Sement, singel, bensindrevet boremaskin og mannskap

Dei forventar at dei treng 6 turar tur-retur.

## Lovheimel

Saka gjeld motorferdsel i Buer landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark.

I forskriftene for Folgefonna nasjonalpark og Buer landskapsvernområde er det forbod mot motorferdsel. Det er opna for å gje løyve til bruk av helikopter til transport av material, utstyr, proviant til hytter, stølshus, drift av turisthytter og liknande.

Forvaltningsplanen for Folgefonna nasjonalpark har retningslinjer for motorferdsel og vedlikehold av stiar:

- Behovet for motortransport etter pkt. 6.3 i vernereglane skal vurderast strengt og nøkternt før det vert gjeve løyve

Det er også skissert ei rekke retningslinjer for vedlikehold av stiar og vardar:

- For å setje opp skilt og annan utandørs informasjon skal ein ha løyve frå forvaltingsstyresmakta, og det må vere avklåra med grunneigaren.
- Skilt som ikkje har med merking av stigar og løyper eller anna som har med sikring av ferdsla å gjere, skal setjast opp utanfor vernegrensa ved mykje nytta innfallsportar eller i tilknytning til eksisterande bygg eller anlegg.
- For enkelt vedlikehold av eksisterande merkte ruter treng ein ikkje særskilt løyve.
- Vardar og anna merking skal skje på ein måte som er vanleg i området, og vegvisarar skal lagast i naturmateriale der det er mogleg. Der ein ikkje kjenner til kva som er vanleg i området, skal ein hente inn lokal kunnskap.
- Merking av fotruter skal utover dette følgje DNT-standard (vedlegg 1). Ved merking av stigar og vegar skal måling brukast med varsemd.
- Ein må ikkje gjere skade på kulturminne når ein merkjer ruter. Ein skal aldri bruke raudmåling på kulturminne, som gamle steingjerde, steinbuer, vardar mm.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.





### Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggjast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdere om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

### **Vurdering etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12:**

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneformålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 16.09.2022).

Det er søkt om motorferdsel til å gjennomføre ulike tiltak. På Reinanuten er det søkt om å frakte opp material og menneskap til å bygge opp att varden som har vore truffe av lyn. Etter forvaltningsplanen er det retningsliner for korleis slike vardar skal settast opp og forvaltar foruset at desse vert følgt:

*«Vardar og anna merking skal skje på ein måte som er vanleg i området, og vegvisarar skal lagast i naturmateriale der det er mogleg. Der ein ikkje kjenner til kva som er vanleg i området, skal ein hente inn lokal kunnskap.»*

På Ridestien frå Tokheim til Holmaskjer er det søkt om å setje opp nye skilt, vedlikehald av dei to nødbuene og å bygge opp att ein varde.

Forvaltar viser til retningslinene der det står at vedlikehald som maling og bytting av eksisterande skilt ikkje krev løyve. Skilting av turstiar skal følgje DNT sin mal.

Transporten skal gå føre seg med helikopter for å unngå slitasje på terreng.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle transportformene, og begge er skånsame for terrenget. Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet.

Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdagrar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastninga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Nasjonalparkstyret ynskjer at fleirårige løyve skal vurderast i løpet av styreperioden. Det er difor høve til å søkje om fleirårig løyve for ein 4 års periode. Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Køyreboka skal leverast etter avslutta sesong kvart år, **seinast 31. desember.**



### Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Astrid Bakke Haavik  
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Ullensvang kommune  
Statsforvaltaren i Vestland  
SNO

Opheimsgt. 31  
Njøsavegen 2

5750  
6863

ODDA  
LEIKANGER



**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

Referanse (20xx/xxx)

År

## KØYREBOK

Alle som har løyve for bruk av motorkjøretøy etter verneforskriftene for verneområda på Folgefonnhalvøya skal føre køyrebok der dato, trasé/transportformål og underskrift viser. (Gjeld: Folgefonna NP, Bondhusdalen LVO, Ænesdalen LVO, Hattebergsdalen LVO, Buer LVO, Langebudalen NR)

Føraren av køyretøyet skal fylle ut køyreboka før turen tek til for at køyringa blir rekna for å vere i samsvar med løyvet. Brot på vilkår, forskrifter eller lover medfører straffeansvar.

Tur/ retur nr.	Trasé/transportformål	Dato	Underskrift
1			
2			
3			
4			
5			
6			
7			
8			
9			
10			

Sett kryss dersom løyvet ikkje er nytta

Namn: ..... Tlf:.....

Stad:..... Dato:.....

.....  
UNDERSKRIFT

Skjema sendast inn etter endt sesong.

Det kan skannast/fotograferast og sendast til [svlpost@statsforvalteren.no](mailto:svlpost@statsforvalteren.no),

eller sendast per post til: Statsforvaltaren i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger.



**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Folgefonnsenteret  
Skålafjæra 17  
5470 Rosendal

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5557 2135  
sfvlpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Ingrid Riise

Saksbehandlar Astrid Bakke Haavik

Vår ref. 2023/5998-0

Dykkar ref.

Dato 18.04.2023

## Delegert vedtak

Delegasjonssak	4/2023
----------------	--------

# Løyve til helikoptertransport til sel på Vierdal - Folgefonna nasjonalpark

I medhald av delegeringsreglement vedtatt i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.3 f), gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Ingrid Riise løyve til bruk av helikopter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 01.06. - 01.11.2023
- Løyvet gjeld for transport av material, proviant og utstyr i samband med vedlikehald av stølshus
- Løyvet gjeld for inntil 3 turar t/r frå Sandvin til Vierdal
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdag
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post [rune.mikkelsen@miljodir.no](mailto:rune.mikkelsen@miljodir.no) eller på telefon **907 73 117**
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember 2023**. Merk med referanse: 2023/5998. Send gjerne på e-post til: [folgefonna@statsforvalteren.no](mailto:folgefonna@statsforvalteren.no)

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette.

**Nasjonalpark** Folgefonna  
**Naturreservat** Langebudalen  
**Landskapsvernområde** Bondhusdalen, Buer, Hattebergsdalen, Ænesdalen



## Søknaden

Ingrid Riise og faren disponerer to sel på Vierdal i Ullensvang kommune. Dei har behov for å få frakta opp material, utstyr og proviant til stølen for å drive vedlikehald. Dei søker om tre turar i perioden 1. juni til 1. november 2023.

## Lovheimel

Søknaden må vurderast etter *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark*. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I høve til vernereglane er desse ikkje til hinder for vedlikehald av eksisterande bygningar og dette er ikkje søknadspliktig, jf. Forvaltningsplanen. Endring av utsjånad, form, storleik og bruk er ikkje tillate utan løyve.

Denne saka er vurdert til å omhandle løyve til motorferdsel.

I *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.1 står det at «*Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter*».

Verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark har eit generelt forbod mot motorisert ferdsle etter § 3 pkt 6.1. Det er opning i § 3 punkt 6.3 for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

*f) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus og liknande.*

## Naturmangfaldlova § 8-12:

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsle har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdere om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

## Vurdering etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12:

Ein kan sjå behovet for å få transportert inn material og utstyr i samband med vedlikehald av stølshus. Det er opna for å gje løyve til denne type motorferdsel i verneforskrifta. Transporten skal gå føre seg med helikopter for å unngå slitasje på terreng.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneformålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsle på denne tida av året.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle



transportformene, og begge er skånsame for terrenget. Søkar viser til at grunna utfordrande terreng er det helikopter som er mest høveleg.

Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdagane for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området. Det er gitt løyve til 3 turar med helikopter t/r.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastninga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Køyreboka skal leverast etter avslutta sesong kvart år, **seinast 31. desember**.

### Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med hilsen

Astrid Bakke Haavik  
nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Ullensvang kommune  
Statens Naturoppsyn  
Statsforvaltaren i Vestland

Opheimsgt. 31  
Postboks 5672 Sluppen  
Njøsavegen 2

5750 ODDA  
7485 TRONDHEIM  
6863 LEIKANGER



**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

Referanse (20xx/xxx)

År

## KØYREBOK

Alle som har løyve for bruk av motorkjøretøy etter verneforskriftene for verneområda på Folgefonnhalvøya skal føre køyrebok der dato, trasé/transportformål og underskrift viser. (Gjeld: Folgefonna NP, Bondhusdalen LVO, Ænesdalen LVO, Hattebergsdalen LVO, Buer LVO, Langebudalen NR)

Føraren av køyretøyet skal fylle ut køyreboka før turen tek til for at køyringa blir rekna for å vere i samsvar med løyvet. Brot på vilkår, forskrifter eller lover medfører straffeansvar.

Tur/ retur nr.	Trasé/transportformål	Dato	Underskrift
1			
2			
3			
4			
5			
6			
7			
8			
9			
10			

Sett kryss dersom løyvet ikkje er nytta

Namn: ..... Tlf:.....

Stad:..... Dato:.....

.....  
UNDERSKRIFT

Skjema sendast inn etter endt sesong.

Det kan skannast/fotograferast og sendast til [svlpost@statsforvalteren.no](mailto:svlpost@statsforvalteren.no),

eller sendast per post til: Statsforvaltaren i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger.



**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Folgefonnssenteret  
Skålafjæra 17  
5470 Rosendal

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5557 2135  
sfvlpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Runar Braut  
Baronivegen 73  
5470 ROSENDAL

Saksbehandlar Astrid Bakke Haavik

Vår ref. 2023/6503-0

Dykkar ref.

Dato 09.05.2023

## Delegert vedtak

Delegasjonssak	5/2023
----------------	--------

# Delegert løyve - Fly med drone for tilsyn av sau Vetle Laurdal, Andersfjell og Bjørndal - Folgefonna nasjonalpark

## Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* og naturmangfaldlova § 48 gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Runar Braut løyve til bruk av drone til å søke etter sau i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld frå 01.07.2023 – 30.11.2023.
- Løyvet gjeld for inn til 7 turar
- Løyvet gjeld for inn til ein times flytid på kvar tur.
- Dronepilot må gjere seg kjent med vernereglane
- Filminga skal om mogleg skje utanom helg og heilagdag.
- Ved publisering av filmmateriale må det komme klart fram at søkjar har fått løyve til å filme frå Folgefonna nasjonalparkstyre.
- Om rovfugl eller ramn vert observert ved fyking skal ein straks sette drona på bakken
- Rapport over utført fyking sender de til [folgefonna@statsforvalteren.no](mailto:folgefonna@statsforvalteren.no) med referanse 2023/6503 innan 31.12. 2023.

**Nasjonalpark** Folgefonna  
**Naturreservat** Langebudalen  
**Landskapsvernområde** Bondhusdalen, Buer, Hattebergsdalen, Ænesdalen





## Søknaden

Søklar driv gard på Hatteberg i Rosendal og søker om å bruke drone til ettersyn og sanking av sau. Sauene går på sommarbeite i Vetle Laurdal, Andersfjell og Bjørndal. Alle desse områda ligg innanfor grensa til Folgefonna nasjonalpark.

Sauene treng regelmessig tilsyn for sjå at det ikkje er sauer i skorfeste, sjå til sauer som hamnar i skorfeste og sjå at sauene ser friske ut. På hausten går me fleire turar for å sankta sauene heim.

Terrenget i dette området er enkelte stader veldig bratt og vanskeleg tilgjengeleg. Dette gjer at det mange gonger er vanskeleg for å koma til slik at ein får sett sauene skikkeleg ved tilsyn og i sankinga kan det vera vanskeleg å finna sauene. Søklar har difor tenkt at det ville vore ei stor lette for han og andre på tilsyn på desse fjellturane å flydd med drone i området, både for å sjå til sauer ila. sommaren og for å leita etter sauene i sankinga.

Eg søker difor om dispensasjon for reglane for nasjonalparken og ber om løyve til å få fly med drone i Vetle Laurdal, Andersfjell og Bjørndal.

Då garden vår er for liten til at me kan forsørgja familien vår berre på inntektene frå garden er det i helgene søklar har mest tid til å gå til fjells for å sjå til sauene, så søklar ber om at løyvet til dronedyking ikkje berre på kvardagar, men også i helgene. Droneforbodet i nasjonalparken er der for at allment friluftsliv ikkje skal bli forstyrta, men området er stort og sjølv om det i helgene er mange som går tur i området, er det svært sjeldan at søklar møter på turfolk når me er på tilsyn og sanking.

## Lovheimel

Saka gjeld bruk av drone i Folgefonna nasjonalpark. Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark, § 48 i naturmangfaldlova og forvaltingsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 7.2. står det:

*Bruk av motor på modellfly, modellbåt, isbor o.l. er forbode.*

Under denne bestemminga fell også bruk av dronar. Det er ikkje opning for å søkje om dette gjennom verneforskrifta og difor må saka vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 48 (dispensasjon frå vernevedtak) i naturmangfaldlova som seier at nasjonalparkstyret kan gjera unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemnande, eller dersom tryggleiksomsyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal komme fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og lagt vekt på i saka.

## Vurdering

Bruk av drone er forbode i Folgefonna nasjonalpark, men det er høve å søke Folgefonna nasjonalparkstyre om dispensasjon gjennom den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48. I så fall gjeld strenge reglar for å få dispensasjon. I verneforskrifta er



det opna for å gje løyve til motorferdsel i samband med husdyrhald (jf. § 3 pkt 6.3 b)). I slike tilfelle kan bruk av drone ha mindre påverknad enn alternativet med helikopter og vi meiner det beste er å gje løyve til slike føremål. Opninga i forskrifta gjeld om dyr er skadd eller står i skårfeste. Søkjar vil nytte drone til å søkje etter sau i vanskeleg terreng og om mogleg sanke sau med hjelp frå drona. Tidlegare har dette vore løyst til fots. Forvaltar kjenner ikkje til at det har vore behov for helikopter for å hente sauer ut av skårfeste i desse områda tidlegare, men ser at det er eit krevjande terreng å få oversikt over sauene i. Bruk av nyare metoder som å nytte droner til tilsyn med beitedyr er ikkje vurdert i verneforskrifta og bør med i revidering av forvaltingsplanen. Det har vore ein søknad tidlegare (2018 og 2021) om å nytte drone som hjelp i sauesank og søkjar har meldt om at dette var nyttig for å finne sau.

Delar av verneområdet har særleg sårbar natur, mens andre deler er særleg viktige friluftsområde. Å oppleve stillheit og ro er blant dei viktigaste årsakene til at folk går på tur og driv med andre former for friluftsliv. Over 80 % oppgjer fred og stillheit i naturen som motivasjon for å gå på tur. Dette må vi rekne med er særleg gjeldande når folk ferdast i ein nasjonalpark, der urørt natur er hovudføremålet med vern. Dronar fører med seg vesentleg støy og kan difor berre tillatast til strengt naudsynte føremål og med vilkår som sikrar verneverdiane i eit langsiktig perspektiv. Både nasjonale retningslinjer og forvaltingsplanen legg vekt på at støy i urørt natur skal avgrensast i størst mogleg grad.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av drone i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av droneflyging på denne tida av året (databasane er sist sjekka 02.05.2023). Det er kjent at rovfugl og kråkefuglar som kan finnast i området kan reagere negativt på dronar, særleg når dei dannar territorie rundt hekketida. Flytida er difor avgrensa til ei tid det vil gjere lite skade. For å unngå skade på fugl og forstyrning skal drona setjast på bakken med ein gong ein ser fugl i nærleiken.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette kva type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. For å filme frå lufta i nasjonalparken er det berre drone eller filming frå helikopter som er aktuelt. Droner er mykje meir skånsamme for verneverdiane å bruke enn helikopter, då dei er mindre, bråkar mindre og krev mindre flytid. Det er veldig populært å ha droner for tida og faren med å gje eit løyve er at folk som ser ein drone som fyker i området har lite moglegheit for å vite om ein treng løyve for å fly lovleg. Det vert oppfordra til å informere så godt som råd er når ein er på ein lokalitet og flyg, slik at publikum skjønner at det ikkje er fritt fram å fly med dronar i verneområdet. Det vert også sett krav om å merke publisert materiale med at det er filma etter løyve frå nasjonalparkstyret, då det er elles er vanskeleg for publikum å vite dette.

I dette tilfellet meiner ikkje forvaltar at bruk av drone ha stor verknad på verneføremåla eller føre til ein vesentleg negativ påverknad av verneverdiane. Det er likevel viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å fyke på sundagar og heilagdaggar for å unngå konflikt med anna friluftsliv og unødig forstyrning av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Beitelandskapet i nasjonalparken er krevjande å ta seg fram i mange plasser og ein kan difor sjå for seg at mange kan tenke seg å nytte moderne verktøy i beitetilsyn. Samstundes er beiting i utmarka viktig for å halde verneverdiane ved like. Forvaltaren har



vurdert samla belastinga i området og vurderer den førebels som avgrensa. Om mengda droneyking aukar betrakteleg, må ein vurdere samla belastning på nytt. Det har dei siste åra vore fleire tilfelle av ulovleg fyking i verneområdet og det viktigaste er å informere om regelverket etter kvar som dronar blir ein del av allemannseige. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurderte men ikkje funne relevante i denne saka.

### Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Astrid Bakke Haavik  
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Kvinnherad kommune  
Statsforvaltaren i Vestland

Rosendalsvegen 10  
Njøsavegen 2

5470 ROSENDAL  
6863 LEIKANGER